



Årsmelding 2017 med rekneskap



Stord United - Handballgruppa
Foto: Borghild Lie Økland

Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkesson	2012–15
Nina H. Sleen	2016–



Årsmelding 2017 med rekneskap



ÅRSMELDING 2017

Dagsorden årsmøte den 12. april 2018.

1. Opning.
2. Val av ordstyrer og møtereferentar.
3. Valg av to representantar til underskrift av protokoll.
4. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
5. Årsmelding frå hovedstyret.
6. 1. Årsmelding frå gruppene.
6. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
7. Godkjenning av årsregnskap frå hovedstyret og gruppene.
8. Innkomne forslag.
9. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2018.
10. Fastsette kontingent for 2019.
11. Godkjenning av gruppestyra.
12. Valgkomiteen si innstilling.
13. Heidersmerker.
14. Avslutning.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



SAK 5.0 ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

1. STYRET 2017.

Leiar:	Nina H. Sleen
Nestleiar:	Torger M. Tvedten
Unge Aktive:	Marie Kalve Lindgård
Styremedlemmar:	Kjartan Grov Barbro Grov Øyvind Kyvik

Styret har hatt seks styremøter i perioden der gruppeformennene 3 ganger har vore invitert til eit utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte. Dette tiltaket har fungert godt, og frammøte frå dei ulike gruppene har vore svært bra. Hovudstyret har hatt fem styremøter berre for hovudstyret.

Det er også avhalde ei rekke sær møter med leiarar for fleire av gruppene.

Leiar, Dagleg leiar i Hovudlaget og leiar av Driftsutvalet har hatt møter med Stord kommune for å betra dei daglege vilkåra for laga våre. Sidan sist årsmøte har ein avvikla Stord Idrettspark der Stord Idrettslag var inne med 40% på eigarsida. Dette har medført eit økonomisk tap for idrettslaget då det ikkje var midlar igjen ved avviklinga. Styret har valt å ta heile tapet i ein eingong, då dette var mest rydding med tanke på utskiftingar i kommande styre.

Stord Idrettslag valte ei arbeidsgruppe som forutan hovudstyret hadde representantar frå fotball, handball, turn, friidrett og skeiser. Denne gruppa forhandla fram ein ny leigeavtale for idrettslaget for bruk av anlegga me treng.

Den nye leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedteke i kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år og omfattar alle anlegga på Vikahaugane, Langelandsbanen og Åsbanen. Stord Idrettslag betalar ei årleg leige på kr 1.200.000 for dette.

Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og heile helgane. Me har rett til framleige i denne tida og disponerer inntektene dette gir. Vidare har me alle inntektene av reklamesal på anlegga.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber at Stord Idrettslag også skal gjera litt vedlikehald på anlegga. Avtalen inneheld også leige av om lag 20 timer trening i Nordbygdochallen.

Sunnhordland toppfotball har også lagt ned drifta der Stord IL har ein eigarandel. Det vart også her ein økonomisk nedskriving styret har valt å ta tapet på i ein eingong av same årsaker som ved avviklinga av Stord Idrettspark.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Svømming er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp. I løpet av 2017 vart Stord Handball Elite avvikla og teke inn igjen i Stord Handball og er dermed tilbake igjen i idrettslaget. For historia blir årsmeldingane for allianseidrettslaga inkludert i denne årsmelding under seksjon 6.2 Årsmeldinga under denne seksjonen vert handsama som ei orienteringssak.

I 2017 fekk me den triste meldinga om Hans Aaserud sin bortgang. Hans har gjennom ein mannsalder vore ein viktig bidragsytar for Stord IL. Han har vore medlem av gruppestyrer, leiar av hovedlaget og hatt verv i kretsen. Stord IL fekk ei pengegåve i anledning Hans sin bortgang og desse pengane vart brukt til felles aktivitet for Stord IL sine medlemmer i samarbeid med Hans sin familie. Stord IL vil takka familien for at me fekk låna han og lyser fred over Hans sitt minne.

2. MEDLEMSTAL OG HOVEDOPPGÅVER.

Dagleg leiar har fortsett arbeidet med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord IL, og arbeidet vil fortsetta for fullt i 2018. Dette vart ein større jobb en fyrst tenkt, men innarbeiding av rutinar har gjort at jobben i framtida vert enklare.

Innkrevjing av medlemskontingent har vore Dagleg leiar sitt ansvar i 2017. Dette har fungert svært godt.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 2157 medlemmer pr. 31.12.2017, av desse er det 732 jenter og 633 gutter mellom 3 og 19 år. Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge eit tilbod.

3. HØGDEPUNKT

Denne delen er delt i to avsnitt, der siste delen omhandlar allianseidrettslaga.

Handball

Handballgruppa har, etter at elitesatsinga vart skilt ut som eige lag i allianse, hatt ansvaret for alle under 16 år på herresida, samt alle på damesida. I serien er det påmeldt 57 lag. Damelaget i 2. divisjon enda på ein 9. plass i serien 2017/2018 5.divisjonslaget kjempar i skrivande stund opp opprykk til 4. div.

Herrelaget enda på ein fin 6. plass i serien, mens det unge laget i 3. div, diverre rykkte ned.

Svært gledeleg at fleire spelarar er tekne ut til krinssamling på aldersbestemte lag.

Stord United er ein fantastisk gjeng som viser stor idrettsglede i alle sine kamper.

Handballfestivalen vart arrangert for 28. gong. Det vart igjen en suksess med 404 lag og rundt 4.000 deltakarar. Dette er det desidert største arrangementet i Stord Idrettslag. Arrangementet gjekk som vanleg knirkefritt under leiing av «Team Kjartan».

Hafo-cup:

En populær turnering for skuleklassar der ein spelar 10 min fotball og 10 min handball.

Mini-HAFO 1.-3 trinn

Barne-HAFO 4-7 trinn

Ungdoms-HAFO 8-10 trinn



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Friidrett

Fridrettsgruppa har også i 2017 markert seg positivt i Stord Idrettslag. Det største sportslege høgdepunktet har Tom Erling Kårbø og Pernilla Eugenie Epland. stått for.

I aldersbestemte klassar har utøvarar frå Stord markert seg svært godt både i krets- og nasjonal samanheng.

Stordløpet vart arrangert for 40. gong i september 2017 med godt oppmøte. Bru- og Halvmaratonløpet har også ei fin stigning i deltagarar. Tour de Stord som var ein samanlagt konkurranse med 3 løp.

Stordleikane hadde i 2017 noko mindre deltaking i dei eldre klassane grunna arrangementskollisjon med andre stemner.

Turn

Gruppa har i 2017 auka tal på medlemmer, særleg blant dei yngste.

Gruppa har hatt deltagar på Senior-NM i året som har vore og vore representert på Guttelandslaget med Tobias Mortensen. Turngruppa var arrangør av NM i Turn i Haugesund. I 2017, som tidlegare år, var det halde Juleoppvisning før jul på Vikahaugane. Stor stemning og mykje folk i hallen.

Ski

Skigruppa arrangerte tre barneskirenn og to rankingrenn i 2017.

Det er gjennomført rulleskirenn i Prestegardsskogen, der eit av desse var eit kretsrenn.

Tysdagstrimmen er fortsett ein populært aktivitet.

Det vert jobba svært godt i barne- og ungdomsgruppa. Denne gjengen markerar seg godt i renn både i og utanfor fylket vårt.

Gruppa sine medlemmar har også i år delteke i ei rekke nasjonale og lokale renn :

Birkebeinarrennet, Helterennet og Vasaloppet blant veteranane.

Løypemaskinen er i full drift, noko som gir ein svært god kvalitet på løypene. All løypekjøring føregår på dugnad og er til fri bruk for ålmenta.

Skeiser

Skeisegruppa markerar seg godt i det norske skeisemiljøet. Samanliknar ein personlege rekordar pr. 01.01.2018 viser dette svært stor framgang for fleire løparar, og særskilt mellom dei yngre er det mange lovande løparar. Gledeleg er det også at me har fleire lovande jenter med i gruppa.

Gledeleg av året er at mange har tatt steget opp i Elitegruppa i 2017.

Mellom veteranane er det mange flotte resultat med fleire medaljar, inkl gull, i Veteran NM.

Volleyball

Damelaget enda på 3. plass i 2. divisjon i sesongen 2017/2018. Herrelaget spelte i 3 divisjon, og vann sin avdeling.

Det har vore god aktivitet på laga i dei yngre rekkjene.

To spelarar med bakgrunn frå Stord har vore tatt ut på juniorlandslag noko som er svært gledeleg og motiverande for andre aktørar i gruppa.

Av arrangement må nemnast Kværner Hobby Volley-turneringa som vert arrangert kvar vår og haust.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



ALLIANSELAGA

Fotball

Stord Fotball sitt unge herrelag spelte i 3. divisjon, og held plassen med skåring i siste minutt. Eit ung damelag spelte i 3. div i 2017, på ein imponerande måte, og blei nr 2.

Klubben har representert på regionalt og nasjonalt nivå.

Einar Iversen gjekk i løpet av sesongen til Everton og tilbakemeldingane på prestasjonane hans er gode.

Det har vore jobba godt og målretta i ungdomsavdelinga og barnefotballgruppa. I 2017 har Stord Fotball delteke med 56 lag i serien og tel ca. 500 spelare og ca 110 trenare/oppmenn/lagleiare. Dette gjer klubben til ein av dei største i Hordaland.

Viktige rekryteringstilbod er Talentskulen, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Orientering

Det har også i år vore god deltaking på lokalløp og turorientering.

Sportsleg har allianselaget hevda seg svært godt i fleire konkurransar i år.

På verdens o-dag i mai blei det gjennomført eit arrangement på Nordbygda ungdomsskule Kristtornløpet er det største lokale arrangementet i 2017.

Gruppa har i år også hatt ein gledelig auke for Turorienteringen.

Symjing

Symjarane i alle grupper har hatt fin sportsleg framgang i 2017. Me har hatt deltakarar på NM senior og junior. Vidare har fleire symjarar delteke på Bergen Swim Festival, Stavanger Open og i Nordsjøstemnet.

I Nordsjøstemnet hadde gruppa med 6 deltakare, med svært gode resultat.

Symjeklubben arrangerte Svømmeskule i våren og hausten, der det var ca. 80 deltakarar

I oktober arrangerte klubben Stord Swim Cup med heile 460 deltakare.

Handball Elite

Stord Handball Elite hadde ansvaret for Elitelaget (Herrer) i 1 div, eit i 2. div. Der begge lagene rykkja ned. Dette etter at klubben fortsatte arbeidet med å få kontroll på økonomien. På årsmøte til Stord IL i 2017, ble det vedtatt at Stord HK igjen ble slått saman med Stord IL, Handballgruppa. Den økonomiske samanslåinga fann stad ved årskiftet 2017, mens Stord HK, spelte ut sesongen 2016/2017 som Stord HK.

Alle grupper og allianselag:

Det er all grunn til å glede seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidrett. Det er her me skapar breidda som gjer at me seinare kan utvikla toppar i dei enkelte idrettane. I eit godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregående skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med det beste i landet.

Likevel skal hovudregelen i arbeidet vårt vera:

Å skapa ei meiningsfylt fritid for alle på alle nivå.

4. ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyringa, og alle gjekk med overskot i 2017, med eit unntak. Skigruppa sitt underskot skuldast ein avsetting for nedskriving av løypemaskin på kr 75 000

Styret i Hovedlaget legg fram året sitt rekneskap som viser eit driftsresultat for 2017 med eit overskot på kr 1 400 718. Etter finans blir resultatet negativt med 970 118. *Det henvises til note 3 i regnskapet for utfyllende forklaringer*

Total omsetning utgjer 13 933 391, økningen skyldes i hovedsak at Stord HK er med i rekneskapen for 2017.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

Desse tala omfattar ikkje dei tre gruppene som er gått ut som sjølvstendige idrettslag i alliansen.

Styret i Hovudlaget vil understreka at alle regnskap er ført i samsvar med god rekneskapskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget inngjekk i 2016 ein avtale med Aktiva for føring av regnskap, noko som ein er nøgd med.

Budsjettdisiplin og styring, med fokus på auka inntekter er alltid sentrale tema for idrettslaget. Interne rutinar i rekneskapsføring er i 2017 vorte mykje betre. Dette skuldast i hovudsak tett oppfølging av hovudlaget sin rekneskapsførar Aktiva og KPMG.

For å følgja med i tida innan sosiale medier er Stord IL no aktive på Facebook. Her legg dagleg leiar, styret og medlemmer av gruppene ut link til artiklar, informasjon om cup, stemner, resultat osv.

9. TILLITSVALDE

Stord Idrettslag, på same måte som andre lag som driv dugnads arbeid, har ei utfordring i å rekruttera tillitsvalde til dei einskilde funksjonane i gruppene og i hovudlaget.

Det er eit sterkt ynskje å få fleire unge til å delta aktivt i styrearbeid og friidrettsgruppa er allereie i gong med dette arbeidet. Gruppa har i dag eit eige ungdomsstyre som skal ivareta dei yngste medlemmane sine interesser i gruppa. Hovudstyret oppmodar dei andre gruppene i laget til å prioritera etablering av slike ungdomsstyre.

Hovudlaget vil takke samlege trenrar og oppmenn for den fantastiske jobben dei legg ned i løpet av året. Utan dykk ville ein ikkje klart å drive eit så stort og flott idrettslag!

10. ARBEIDSMILJØ

Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet blant dei tilsette i gruppene er godt. Det er likevel i periodar svært høg aktivitet, noko som kan føra til utfordrande belastingar for dei tilsette.

Å jobbe i eit idrettslag er ein spesiell jobb. Det vert ofte forventa meir enn kva ein kan få til innan normal arbeidstid. Det kan også lett verta ein litt ”einsam” jobb da kollegiale er lite. Hovudstyret oppfordrar alle som har tilsett om å vera oppmerksame på det.

11. YTRE MILJØ

Hovudlaget sitt styre er ikkje kjend med at laget, i si verksemd, påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Ingen av laget sine aktivitetar medfører utslepp til jord eller luft. Hovedlaget vil likevel arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel til og frå trening og kampar.

For Styret i Stord IL

Nina H. Sleen

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1 - ÅRSMELDING FRÅ GRUPPENE



- Sak 6.1** Årsmelding fra gruppene.
- Sak 6.1.1** Håndballgruppa
- Sak 6.1.2** Friidrettsgruppa
- Sak 6.1.3** Turngruppa
- Sak 6.1.4** Skigruppa
- Sak 6.1.5** Skeisegruppa
- Sak 6.1.6** Volleyballgruppa
- Sak 6.1.7** Idrettsmerket
- Sak 6.2** Årsmelding fra allianseidrettslag.
- Sak 6.2.1** Stord Fotball
- Sak 6.2.2** Stord Orientering
- Sak 6.2.3** Stord Svømming
- Sak 6.2.4** Stord Handball Elite



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2017

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2017



Styret 2017

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Irene Rørvik Loftheim
- Sportsleg leiar: Ørnulf Botnen
- Sport Damer: Mari Dramdal
- Sport Herrer: Sigurd Sævareid
- Utstyrssvarleg: Tonje Aamot Haga
- Medlemsansvarleg: Einar Balle
- Arrangementsansvarleg: Monica Litlabø

Styret har hatt jamlege styremøter i 2017. Det har òg vore ei rekke oppmannsmøter for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

Samanslåing av Stord Handball og Stord Elite

I 2017 vedtok årsmøta i Stord Elite og Stord IL samråystes at Stord Elite skulle tilbake inn i Stord IL. Dette året har det vore jobba mykje med å slå saman dei to klubbane, og etter eit godt stykke arbeid vart Stord Elite lagt ned ved årsskiftet 2017/2018. Stord Handball har hatt sterkt fokus på økonomien i denne prosessen, og har nytta 2017 til å innfri all gjeld knytt til Stord Elite – slik at me gjekk inn i 2018 utan skuld. Me takkar av Stord Elite for mange innhaldsrike og spanande handballsesongar på toppnivå, og gler oss til me igjen kan ta steget opp på øvste hylle når me er klare både sportsleg og organisatorisk.

Økonomi

Regnskap ligg vedlagt. 2017 har vore prega av eit år med omstillingar i samband med samanslåinga av Stord Elite og Stord Handball. Me har prioritert å få oversikt over totaløkonomien, og har difor ikkje tatt dei store investeringane dette året. Me går inn i 2018 med god likviditet, sjølv etter at all gammal gjeld er gjort opp for – og denne likviditeten vert nytta til større investeringar i 2018, t.d. innkjøp av minibuss. Handballfestivalen har som alle tidlegare år vore den største og viktigaste inntektskjelda til Stord Handball.

Medlemstal

I serien har me delteke med 57 lag og me stilte også med lag i senior-NM for damer, samt veteran-NM for J35, G35 og G60.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter / Damer	225 (255)	97 (79)	63 (71)	385 (405)
Gutar / Menn	91 (110)	46 (33)	64 (40)	201 (183)
Sum	316 (365)	143 (112)	127 (111)	586 (588)

(Tal i parentes er for 2016)

Administrativt ansatt

I samband med samanslåinga, vert Ann-Helen Hareide tilsett i 40% stilling på Handballkontoret. Det har vore viktig for klubben å sikre kontinuitet i dette året, og i så måte har Ann-Helen vore viktig å ha med på laget. Ann-Helen har ansvar for dei vanlege kontoroppgåvene, mellom anna omberamingar, utbetaling av dommarrekningar, innrapportering av kampresultat, logistikk rundt eigne heimearrangement i hallen og ei rekke andre praktiske gjeremål i den daglege drifta.

Oppussing av Handballkontoret

I tråd med ønsket om å gi Stord Handball «ein ny start», vart det avgjort at ein skulle pusse opp Handballkontoret. Kontoret har vore meir eit lager enn eit kontor dei siste åra, og det vart i sommar tatt grep for å gjere kontoret til ein attraktiv arbeidsplass og møtelokale for styret. Kontoret stod ferdig oppussa på seinsommaren.



Strategiplan

Styret i Stord Handball sette ned eit utval med oppdrag i å utarbeide ein strategiplan for Stord Handball fram mot 2022. Utvalet har hatt høg aktivitet og mange møte for å stake ut kurset for klubben vidare. Arbeidet skal ikkje bere preg av hastverk, og ein kjenner seg trygge på at ein skal få på plass ein plan som er gjennomtenkt og fornuftig for klubben. Innan sommaren 2018 skal arbeidet vere sluttført. Det vert likevel presisert at dette er strategiplanar som kontinuerleg skal reviderast på nokre punkt, og då særskilt klubben sin Sportsplan som skal reviderast årleg. Klubben har stor tru på at dette arbeidet skal vere med å ta klubben mange steg vidare reint sportsleg, i tillegg til å gjere klubben meir velorganisert på alle plan.

Handballskule

Etter samanslåinga med Stord Elite har handballgruppa igjen arrangert handballskule i haustferien. I haust gjennomførte me handballskulen utan noko samarbeidspartner (dette var første året Gjensidige ikkje lenger er sponsor for NHF sin handballskule). Dette gav oss høve til å endre og teste ut eige opplegg. Handballskulen i haustferien gjekk frå onsdag til fredag, og var ope frå kl 07:00 til 16:00. Me hadde både frukost- og lunsjservering. Det var 48 born i alderen 6 til 11 år som var påmeldte. Instruktørar var våre eigne herre- og damespelarar. I tillegg tok me inn 4-6 spelarar frå ungdomsavdelinga som ekstra ressurs. Dette viste seg å vera ei god oppskrift for gjennomføring, då desse ungdommane vart eit bindeledd mellom instruktørane og borna.



Mange ivrige handballspelarar i aksjon i haustferien

For handballgruppa er handballskulen ein viktig del av rekrutteringsarbeidet til klubben, derfor ser me oss nøgde med både tal på deltakarar og interessa som blir vist for arrangementet. Frå og med vinterferien 2018 kjem Rema 1000 inn som ny samarbeidspartner på Handballskulen til NHF, noko som vil forenkle rammene rundt handballskulen, men samtidig avgrense våre moglegheiter noko – då me ikkje kan ha så mange deltakarar som me vil – og heller ikkje tilby like mykje «rundt» handballaktiviteten som me gjorde i haust.

Morgontrening

Det har gjennom året vore tilbod om morgontrening, både i Nordbygdo og på Vikahaugane. I Nordbygdo har Ørnulf Botnen vore ansvarleg, og har fått hjelp av Ellen Salomonsen, Kari Braathen og Christian Alfredsen. Dette har vore eit tilbod for 11- til 13-åringane i klubben. Som i dei to føregåande åra har oppmøtet for dei yngste utøvarane på morgontreninga i Nordbygdo vore stabilt og lege på rundt 18 – 22 utøvarar stort sett kvar gong. Samansettinga har siste året vore jenter og gutter fødd i 2004-2005. Etter sumaren slapp ein også til nokre utøvarar i årsklassa 2006 som var modne for å delta saman med eldre utøvarar.



Ivrige spelarar på morgontrening i Nordbygdochallen

Innhaldet i øktene har som tidlegare berre vore retta inn mot teknisk utvikling og ein har sterkt fokus på utvikling av basisteknikk i form av kast og mottak, skot og finter. Det er i tillegg ein del basis samhandling med stort sett to spelarar og enkle spelesituasjonar som vert øvd på for å sette teknikkane ein har øvd inn under press. Øktene inneheld lite eller ingen fysisk trening og det er ikkje speltrening på desse øktene. For å sikre at alle får utvikling på sitt nivå har ein todelt turnus kor dei eldste og yngste i gruppa kjem annankvar gong. Dei eldste er naturleg nok kome lengre teknisk i sin basis. For likevel å sikre at dei yngste som er kome lengst same tilbod som dei eldste, deltek desse også på dei eldste si økt. Me ser at alle spelarane uansett alders- og utviklingsnivå på denne gruppa har ei flott teknisk utvikling alle som ein. På Vikahaugane har det vore tilbod til spelarane frå 13-16 år. Dette er økter som har vore leia av Jonas Sjölin, og har stort sett vore tekniske økter der spelarane hovudsakleg har vore morgenfriske 13- og 14-åringar.

Keeperløftet

I tråd med klubben sine strategiplanar, har ein fått på plass det første spesialist-prosjektet; nemleg KEEPERLØFTET. Dette er Stord Handball si satsing på utvikling av våre målvaktar. Prosjektet er delt i to kor dei yngste målvaktene (frå 12 år til 16 år) vert utvikla av Jakob Saghaug som parallelt tek NHF si målvaktstrenar-utdanning på nasjonalt nivå. Desse har ei trening pr. veke med fokus på grunnleggande målvaktsteknikkar. Seniormålvaktene vert ivaretatt av Mikael Søgaard, som følgjer opp desse i eigne økter, i tillegg til på målvaktene sine egne lagsøkter.

Handballfestivalen

Handballfestivalen 2017 vart avvikla 2.-5. juni, som vanleg i pinsen. Påmeldinga var stor også i år og me ser at stadig fleire lag melder seg på i god tid. Me ser at me kan krevje tidleg påmelding og at me får gjort litt grundigare planlegging – det er veldig kjekt! 404 lag var påmeldt og det vart avvikla totalt 1.171 kampar på fire dagar.



Eit folkehav både på opning på lørdag og avslutningsinnløpinga på mandag

Me nytta hallar og utebanane på Vikahaugane, i tillegg til hall og kunstgras i Prestegardsskogen Idrettspark. Mange stader vart nytta til innkvartering og over 3.000 personar var innlosjert rundt omkring på skular og liknande. Over 4.500 spelarar var i sving i pinsen.

Handballfestivalen hadde aldri vore det same utan alle medlemmene og alle andre som er med og jobbar dugnad! Medlemmene i Stord Handball, friviljuge, samt andre innleide lag og organisasjonar på Stord er med på denne store dugnadsjobben som no tel om lag 11.000 dugnadstimar til saman. Dette er eit samarbeid som fungerer veldig bra! Me takkar alle for super innsats i alle ledd!

HAFO

HAFO blei som vanleg gjennomført med BarneHAFO og MiniHAFO på hausten og UHAFO rett før vinterferien. Lag frå Stord-skulane og Fitjar deltok. UHAFO (for ungdomsskulane) blei arrangert i februar med 22 deltakande lag. Nordbygdo blei her beste skule. MiniHAFO (for 1.-3. trinn) hadde rekordpåmelding med 39 lag og rundt 250 born, medan BarneHAFO (4.-7 trinn) samme helg talte 40 lag og rundt 450 deltagarar. Leirvik skule blei beste skule og fekk ein sjekk på 5.000 kroner.



Klasse 5B ved Leirvik Skule tok storeslem ved å vinna både jente- og guteklassen i årets BarneHAFO

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Eksterne turneringar

Ei rekke av dei yngre laga våre reiste til Stavanger på Kongeparken Cup i april. Denne cupen har blitt særstak populær for våre lag frå J/G10 og opp til J/G13. J2001 var i Göteborg og spela Partille Cup som er verdas største handballturnering. J2002 var i Bergen og spela Lerøy Bergen Cup, medan G2002 var i Viborg og deltok i Generation Handball.



J2002 var i Lerøy Bergen Cup og rapporterte om ei særstak sosial og kjekk helg i Bergen.



G2002 var i Viborg (Generation Handball) kor dei mellom anna møtte eit lag som spelte mann mot mann heile kampen! Dei spelte og utendørs på gras (gjørme) ☺

I samband med auka aktivitet på turneringar i utlandet, har klubben fått på plass kontraktar som alle spelarar og føresette må signere før ein reiser. Dette er kontraktar som regulerer og informerer grundig om klubben sine retningslinjer og haldningars til åtferd og rusmidlar.

Veteran-NM

Haustens vakraste eventyr, Veteran-NM, vart dette året arrangert i Bergen. Stord stilte med tre lag dette året; J35, G35 – og G60! Sjølv om det ikkje vart henta heim pokalar, rapporterte alle tre laga om ei kjempehelg med hovudsakleg fokus på det sosiale aspektet og pur idrettsglede ☺



J35 og G60 var svært nøgde med veteran-helga. G35 fekk ikkje tatt lagbilete.

Sportsleg: Minihåndball

I år har Stord Handball 26 lag påmeldt i Minihandball, fordelt på 19 jentelag og 7 guttelag. Det vart arrangert totalt 8 miniturneringar i løpet av året, kor laga ein dag i månaden møtest for å spele kampar. Det er lite som slår den idrettsgleda som rår desse dagane! Jentelaga spelar alle i Sunnhordlandsregionen og Stord Handball er den klubben som har flest lag påmeldt her. G2007, G2008 og G2010 har framleis delteke på miniturneringar i Bergen grunna manglende speletilbod i regionen, men det er gledeleg at det no er kamptilbod for G2009 i Sunnhordland!



Sportsleg: Ungdom

Det har vore eit godt år reint sportsleg kor me har sett framgang i mange av våre lag i aldersklassane 12 – 16 år, både på jente- og gutesida. Me kan mellom anna trekke fram G2004-kullet, som blei Fylkesmestre i G12 våren 2017. Ein har fått på plass nye trenarkrefter i ein del lag frå hausten av, noko me trur har klar innverknad på det sportslege løftet me ser etter sumaren. Ein anar utifrå plassering på tabellane i både A- og B-puljane til jul at alle laga våre i J/G 12 – 15 er på rett spor. Målretta jobb over tid er riktig politikk, målretta teknisk utvikling av spelarane våre gir resultat, og det skal alltid vere ei primær rettesnor for jobben me gjer med ungdomane våre. 2018 er året me trur at nokre av våre lag kan hevde seg heilt i topp i regionen og at fleire lag vil følgje på etterkvar! Klubben ser generelt at vegen me har lagt ut på er krevjande sportsleg, og me har eit sterkt ynskje om at fleire både erfarne og nye trenrarar skal ta trenarutdanning for å sikre ungdomane god kvalitet i treningsarbeidet. Me vil og legge til rette for utvikling av trenrarar som har ambisjonar. Spørsmålet om tilsetting av trenrarar på høgare nivå i ungdomsavdelinga har også vore reist i styret som ein naturleg konsekvens av dette.

Stord Handball meiner alvor med målsettinga om igjen å delta jamleg i Bring- og Lerøyserien med aldersbestemte lag. Både J18 og G18 har delteke i kvalifiseringar til LERØY-serien i 2017. J18 vart diverre slått ut i 1. runde på austlandet, medan G18 kom seg til 2. runde kor dei møtte formidabel motstand og måtte sjå seg utslått då kvalifiseringshelga var over.

Ein ynskjer i Stord Handball å vere ein klubb for ALLE og har no innført kjerneverdiane VILJE, SAMHALD, RESPEKT som også reflekterer tanken om å vere eit tilbod for alle som vil spele handball, uansett nivå. Me vil vise VILJE til å skape denne ramma og sørge for å gje eit trenings- og kamptilbod til alle som vil spele handball hos oss. Me vil vise SAMHALD som klubb uavhengig av nivå i gruppene våre. Det går fint an å vere saman mykje på trening sjølv om ein ikkje spelar på same nivå i serien. Og alle spelarane våre skal visast akkurat same RESPEKT uavhengig av kor god ein er i handball på notispunktet. Me veit at folk utviklar seg ulikt og mange kan bli god til slutt. Tolmod i treningsarbeidet er difor viktig for å gje alle som har lyst ein sjanse til å nå sitt potensiale på ein handballbane.

I 2017 såg me at overgangen til seniorhandball i klubben er i ei kritisk fase kor det har vore krevjande å ivareta dei yngste seniorutøvarane våre. Både herre- og damelag har det siste året hatt ei smalare seniorstamme i laga sine og har vore avhengige av at våre beste ungdomsutøvarar tek steget hurtig opp for aktivt å bli ein del av desse laga. Det kan vere tøft å kombinere med naudsynt basistrening og det å delta på eigne lag samstundes i ungdomsavdelinga. Me synst likevel at desse ungdomane har gjort ein svært god jobb på våre to beste seniorlag og tatt store steg i året som var. Klubben har også ei breiddemålsetting i senior som skal ivaretakast. Klubben ser ut for å ha klart dette ganske bra i form av eit bra speletilbod på H3 og D5 for både dei med høgare og lågare ambisjonar. For dei som har lyst å utvikle seg har desse laga gitt rikeleg med utfordringar.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Sportsleg: Spelarutvikling

Me har i løpet av 2017 hatt ei rekke spelarar på dei ulike utviklingstiltaka til Region Vest og NHF. Me ynskjer å ha med så mange spelarar som mogleg på desse tiltaka, og dekker alle reiseutgifter til desse samlingane – slik at økonomi ikkje skal vere ein faktor for dei uttatte spelarane-

SUM (SoneUtviklingsMiljø - 13 år):

Dette er spelarane sitt første møte med regionale samlingar. Klubben får eit antal plassar basert på kor mange serielag som er påmeldte frå klubben. I 2017 har Stord hatt desse på SUM-samlingar: Helena Hagen Leseth, Johanna Hidle Sæther, Mia Mikkelsen Sæther, Selma Skår Lande, Tomine Tvedten, Tuva Haga Skibenes, Andreas Koløy, Håkon Tranøy Loftheim, Jon Aksel Bruun Nygård, Lars Hatlevik, Nicholas Valenza, Ola Matre Hagenes og Theodor Haugland Kvernenes.

RUM (RegionaltUtviklingsMiljø – 14 til 17 år):

Dette er samlingar for spelarar i Sone 8 som vert gjennomført i samband med våre dametreningar. I 2017 har me hatt desse på RUM-samlingar: Alice Grov, Andrea Hammer, Andrea Sjo Holm, Astrid Lillefosse, Erle Nonås, Helene Kringeland Aasheim, Ida Lande Salomonsen, Ida Presthaug Vatna, Linnea Grov Nøkling, Malin Skagemo, Mari Dregelid, Maria Secrieru, Martha Rafdal, Mathilde Brekke Fosse, Mathilde Saghaug, Nora Aas Eriksen, Oda Kyvik Skard, Thea Traa Ludvigsen, Tonje Aakre og Tuva Dahle Nilsen.

SPISET GRUPPE (14 år):

Dette er det første regionale tiltaket kor ein har uttak frå regionen si side. Her byrjar det med ei uttakssamling kor klubbane melder inn spelarar. I 2017 har me hatt desse spelarane på samlingane; Andrea Sjo Holm, Jørgen Lunde Flotve, Ulvar Akselsen, William Sæther, Adam Bathatho og Kristian Nøstvåg. I tillegg var desse på uttakssamling på hausten: Anna Koløy, Ida Vik Framnes, Live Dahle Nilsen, Mathilde Saghaug, Thea Bådsvik, Ivar Engelsen, Nicolai Strandos og Sander Gjøsæter.

BYLAG (15 år):

Bylaget er det første regionale laget som skal takast ut, og me har hatt desse spelarane med på samlingar i 2017 (til Bylaget 2018): Andrea Sjo Holm, Linnea Grov Nøkling, Jonas Sørheim, Jørgen Lunde Flotve, Lars Erik Eide, Ulvar Akselsen og William Sæther.

REGIONSLAG (17 år):

Regionslaget representerer Region Vest i NM for regionslag. I 2017 hadde me tre spelarar med på samlingar; Mathilde Brekke Fosse, Oda Kyvik Skard og Lars Tømmervik. Lars og Mathilde vart tatt ut til NM og begge laga tok bronse i turneringa. Her var og Franny Maria Bøthner med som lagleiar.

REGIONALE LANDSLAGSSAMLINGAR (RLM):

Det vert og kjørt regionale landslagssamlingar for årsklassane. I 2017 har med hatt Sindre Grubbe Pedersen og Tarje Tvedten med på RLM 98, Mathilde Brekke Fosse, Oda Kyvik Skard, Sivert Krossøy og Jon Tømmervik med på RLM 00, og Andrea Sjo Holm, Jørgen Lunde Flotve, Ulvar Akselsen og William Sæther med på RLM 02/03.

SENTRAL TALENTSAMLING:

Etter sommarferien sendte Region Vest 8 jenter og 8 gutar til ei sentral talentsamling, etter ei uttakssamling i regionen. På denne samlinga hadde me med Andrea Sjo Holm, Linnea Grov Nøkling, Jørgen Lunde Flotve, Ulvar Akselsen og William Sæther. Me var utruleg glade for at me fekk med William Sæther til den sentrale samlinga i Skien, som ein av dei 8 gutane fra Region Vest!

LANDSLAGSSAMLING (LM 02):

Med ei uttalt satsing og ønske om å ha spelarar representert på yngre landslag var det svært gledeleg å sjå at Jørgen Lunde Flotve i desember vart tatt ut til landslagssamling i januar 2018!



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Sportsleg: Damelaget

Damelaget i 2. divisjon avslutta sesongen 2016/2017 med ein sterk 2. plass. Stord 2 haldt plassen sin i 5. divisjon. Medan Bjarte Straume Epland har fortsett som trenar for D2 på fjerde året, har Tor Christian Sæbø også denne sesongen ansvaret for rekruitgruppa. Tore Hammer har fortsatt som fysisk trenar og har ansvar for løp og styrke. Nytt av sesongen er at me har eit eige treningsopplegg for keeperane i senior og rekruitgruppa, som ein del av "keeperløftet" i klubben. Ansvarleg for desse treningane er Mikael Søgaard.



Damelaget hang med heilt i toppen i 2016/2017-sesongen!

Med bakgrunn i førre sesongs plassering sette me ei målsetting før sesongen om at damelaget skulle vere blant topp tre og spele om opprykk. Dessverre starta sesongoppkjøringa med at to sentrale spelalarar frå førre sesong blei skada, i tillegg til at me mista to spelalarar. Endringane i spelartroppen har gjort at målsettinga før sesongen har vist seg å bli for tøff. I skrivande stund ligg Stord på 11. plass. Fleire av jentene som i fjar spelte på rekruitlaget har denne sesongen tatt steget opp og etablert seg fast på damelaget og er viktige bidragsytarar. På rekruitlaget har ein også fått med seg nokre eldre spelalarar som bidrar til rutine inn på 5. divisjonslaget, som no spelar mot eit opprykk til 4. divisjon, og ligg i skrivande stund på 3. plass.



God stemning i lagbygginga!

Før sesongen avslutta me partnerklubbsamarbeidet med Tysnes IL og Kvinnherad HK. Etter evaluering av sesongen 2015/2016 såg me at det blei for lite kontinuitet og føreseielegheit i kven som kom på trening og når dei kom. Me har spelalarar frå Kvinnherad HK og Tysnes IL som har meldt overgang til Stord, og som no spelar fast på D2 og D5. Oda Skard har deltatt på regionale landslagssamlingar denne sesongen. Fleire av jentene på rekruit- og damelaget har også delteke på RUM-samlingar.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Sportsleg: Herrelaget

Stord Handball fekk inn herrelaget i 2. divisjon og 3. divisjon i klubben gjennom samanslåinga med Stord Elite. Sigurd Sævareid blei med vidare som sportsleg ansvarleg i Stord Handball, og lagleiinga med trenar Jonas Sjölin og oppmann Ann-Helen Hareide blei og med vidare. Dermed fekk me ein sportsleg kontinuitet for herrene på lagleiings-sida. Alle spelarane blei fristilte frå sine kontraktar i løpet av året, og med nedrykket til 2. divisjon var klubben innstilte på å byrja «på nytt» igjen på herresida med spelarar frå eigne rekkrer utan spelarkontraktar. Det viktigste med 2017/2018-sesongen blei då å «stabilisere» herrelaget reint administrativt, og å halde plassen i 2. divisjon.

Sportsleg: Stord United (Gullserien)

I 2017 har Stord United imponert med ein formidabel sportsleg framgang, og laget har vist enorm utvikling i lagspelet!



Håndballpresident Kåre Geir Lio delte ut prisen



Stord United i Landsturneringen

Under Landsturneringen på Jessheim fekk Stord United Fair Play-prisen med bakgrunn i at dei er gode rollemodellar for idretten. Stord Handball er veldig stolte av laget, og i desember arrangerte me ein oppvisningskamp mellom Stord United og Stord Legends (eit lag beståande av gamle eliteserieheltar). Før kampen fekk Stord United nye symbolske gulldrakter av klubben (dei spelar i «Gullserien»), som sjølv sagt enda med ein klar siger til United ☺



Stord United i dei nye gulldraktane

Laget har bestått av elleve spelarar denne sesongen. Borghild Lie Økland og Andre Skogvold har vore trenarar for denne herlege gjengen, medan Aina Skogvold og Lise Håvardsholm har vore lagleiarar.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Trenarkurs

Me fortset å ha fokus på trenarutdanning. I 2017 har me diverre berre fått gjennomført eitt kurs på hausten i Trenar 1-kursrekka. Me ser at det er utfordrande å finne tidspunkt, og at våre trenarar har lite tilgjengeleg tid til å delta på desse kursa. Me må sjå vidare på korleis me kan tilpasse kurs, og ikkje minst korleis me kan motivere våre foreldre trenarar til å ta desse kursrekkena for kompetanseheving generelt i klubben. Det er likevel svært gledeleg at Jakob Saghaug er i gang med Målvaktsutdanninga til NHF og vil gi oss eit løft på keepersida.

Dommarar

Franny Bøthner har i år som i fjar vore Stord Handball sin dommaransvarleg.



Thea Traa Ludvigsen, Martine Lekve, Helene Kringeland Aasheim, Marie Kalve Lindgård, Kaja Skaatevik Skjønberg, Andrea Sjo Holm, Vilde Bjørk Mo. Ikkje med på bilde: Anna Økland Larsen.

Dei flotte og aktive jentene over dømmer minihandball og opp til J/G-11. Helene og Marie har hatt fleire aktive sesongar som dommarar, og under Handballfestivalen fekk dei dømme sluttspel i 12- og 13-årsklassen. Denne sesongen er me glade for at seks nye jenter som er fødd i 2001/2002 vil bidra med å dømme for klubben vår. I tillegg tok ti gutter på 2002-laget dommarkurset. Desse bidrog også aktivt under Handballfestivalen. Bjørn Lindgård bidrar med å dømme mange kampar i regionen både i ungdoms- og seniorhandballen. Thor Gunnar Bakke tok denne sesongen steget opp til andredivisjon.

Camilla Olsen og Veronica Essajee er nye Stord-dommarar denne sesongen. Dette er to aktive jenter som har dømt 49 kampar etter at dei kom inn i klubben. Dei er med i ei nasjonal gruppe, og målet er 1. divisjon i løpet av våren 2018. Me håper at denne gjengen som førebilete vil føre til at fleire av dei unge vil ta steg som dommarar dei neste åra!



Våren 2018 vil me ha Barnehandball-dommarkurs på Stord for dei som er fødde i 2003 og tidlegare. Med dette kurset er ein kvalifisert til å dømme opp til og med J/G 11. Det kommande året har me også eit mål om å arrangere Dommar 1-kurs på Stord. Med dette kurset vil ein kunne dømme opp til og med J/G 14.

Frå SPING til VIPPS

I starten av 2017 nytta me Sping som alternativ betalingsmetode. I løpet av året gjekk me over til meir velkjende Vipps, og kvart lag fekk med dette kvart sitt Vipps-nummer. Med dette kan laga nytte Vipps både ved kiosksal og innbetaling av til dømes eigenandelar.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Digital kamprapportering

Digital rapportering av kampar har tidlegare berre vore gjennomført på seniornivå. I 2017 vart dette også innført nedover i ungdomsgruppa, førebels ned til 15-års nivå. Målet er at kampar skal rapporterast digitalt heilt ned til 13-års nivå. Dette vil då erstatte kamprapporten som har vore ført på papir. Me har gjennomført opplæring av personar i tilknyting til laga, som igjen har lært opp spelarar på sine lag, som sit i sekretariatet. I samband med digital kamprapportering, har Stord Handball gjort tilgjengeleg ein PC med klubbinnlogging i TA (MinIdrett) som alle kan bruke.

Kortbanehandball

Nokre puljar i 10-års klassen har i år fått prøvd seg på kortbanehandball. Det vil seie at ein spelar på full breidd, men kortare bane (26 meter i staden for 40 meter). Kortbanehandball er ein fin introduksjon og eit læringsspel som tar omsyn til borns utvikling og meistring og kan gjere overgangen frå minihandball til 7-ar handball enklare. Utviklinga av spelet vil skje gradvis, og soleis klargjere spelarar, trenarar og føresette til ordinært spel på stor bane.

Utstyrssrom

Trenarane våre har i lengre tid etterspurt diverse utstyr til bruk i treninga. 2017 vart året kor me fekk orden på dette. I tillegg til monaleg investering i rommet på Vikahaugane, vart det laga eit mindre rom i Nordbygdohallen kor me fekk på plass litt basisutstyr. Takk til Cristian Valenza som fekk laga dette rommet på dugnadskrefter ☺

Minihandballgut

Klubben fekk og i 2017 sin første «landslagsspelar» på Minihandballandslaget. Dette er eit prosjekt frå Gjensidige som hovudsponsor for Norges Håndballforbund. Dette er eit «landslag» som blei plukka ut på bakgrunn av ein søknad, og Stord sin G10-spelar Mats Mikkelsen Sæther skal i 2018 vera maskot for handballherrane – og har fått Eivind Tangen som sin personlege mentor. Tangen kjem til Stord for å leia ei G10-trening, og klubben håpar at dette er ein av fleire faktorar som kan hjelpe oss med rekrutteringa til guttehandballen!



Vegen vidare

Stord Handball har dette året vore gjennom ein omstillingsprosess med samanslåinga med Stord Elite. Etter mange år med to klubbar, og eitt elitelag, vert kvar dagen no annleis med sterkt fokus på å bygge opp organisasjonen og klubben for å danne grunnlaget for ei ny satsing oppover i divisjonane på eit berekraftig grunnlag. Stord Handball er svært audmjuke med tanke på kor avhengige me er av den fantastiske dugnadsinnsatsen som vert lagt ned i klubben – ikkje minst gjennom Handballfestivalen som vår suverent viktigaste kjelde til inntekt – men og alle dei timane som uløna vert nytta i hallane på Vikahaugane og i Prestegardsskogen for å gje eit veldig godt tilbod til våre handballspelande born og unge.

Me i styret i Stord Handball ynskjer å rette ei stor takk til alle våre fantastiske trenarar, oppmenn og støttespelarar elles som gjer ein innsats me ikkje kan vera utan. Tusen takk til alle dykk! For å bygge vidare på denne innsatsen, er me svært opptekne av at den vidare satsinga og drifta i klubben vert gjort på ein måte som sikrar alle barn og unge moglegheita til å drive med handball på sitt eige nivå og eigne premissar så godt det let seg gjøre. Vårt soleklare siktet mål er å kunne ha to tankar i hovudet samstundes; me skal opp og stabilisere oss på eit høgare nivå med seniorlaga våre, og me skal ivareta breiddetilbodet i klubben. Det er ei formidabel oppgåve me tek på oss, men me er klare til å bretta opp ermene og jobbe knallhardt også dei neste åra for å lukkast med nettopp dette!

Styret i Stord Handball, Stord 27.02.2018



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Aksel Sæther
(Styreleiar)



Irene R. Loftheim

Monica Litlabø

Tonje Aa. Haga

Mari Dramdal

Ørnulf Botnen

Einar Balle

Sigurd Sævareid

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



ÅRSMELDING 2017

FRIIDRETTSGRUPPA SIL

STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2017 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Styremedlem, sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetlefåt
Styremedlem, sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Styremedlem, IKT og tidtaking	Mats Tonning
Styremedlem, arrangement	Reidar Nesse
Styremedlem, aktives representant	Tom Erling Kårbo
Styremedlem, ungdomskontakt	Arne Jordåen

Det har i 2017 vore halde 10 styremøter.

MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr. 31.12.2017 totalt: 96 medlemmer (2016=104) fordelt på:

	<u><12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>>17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	13	9	9	38
Menn	<u>23</u>	<u>6</u>	<u>36</u>	<u>66</u>
SUM	36	15	45	96

Medlemstalet for friidrettsgruppa er synkande og for 2017 er det 96 medlemmer, i 2016 var det 104 personar. Me må stadig vere flinke i å rekruttere nye til å begynne i friidrett. Vi har sjansar gjennom sentrumstafetten, Fredstafetten og Tinestafetten. Her har vi ein gyllen sjanse til å nå målgruppa vår Det er positivt at me framleis har god oppslutnad på treningane for dei yngre.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaraspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2017. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenrarar innanfor nokre



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. I 2017 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar, Bremnes IL og Fitjar IL, som kan tilby hjelp i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.

SEKTOR ØKONOMI

Året 2017 har gitt eit positiiv resultat på 82079,-. Klubben har etter forholda ein god økonomi, noko som viser att i balansen. Med den aktiviteten som gruppa har no, er det viktig at gruppa ser på nye forhold til å skaffe seg inntekter slik at me i framtida klarer å oppretthalda ei god satsing med ein sunn økonomi. På sikt er det eit potensiale på å hente inntekter frå arrangementet Fossatrappo Opp og nyvinninga Sunnhordland maraton som for første gong skal arrangerast i 2018 og som pr.dags dato allereie har over 300 påmeldte deltakarar. Driftsutgiftene for 2017 har vore på vel 500000,-.

SEKTOR ARRANGEMENT

I 2017 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	06.02.2017
Parkløpet/KM terrengrøp	25.03.2017
Fredsstafetten	03.05.2017
TINE-stafetten	09.05.2017
Stord Rett Opp	21.05.2017
Bruløpet	07.06.2017
Stordleikane	11.-13.08.2017
Stordløpet	03.09.2017
Fossatrappo Opp	23.09.2017
Romjulsstemne	28.12.2017

I tillegg har me arrangert seriestemne på bane og fleire hoppstemner innandørs.

Stordleikane vart arrangert i august med litt mindre deltaking i dei eldste årsklassane enn kva det har vore dei siste åra og det skyldast kollisjon med andre større stemner.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



G-17 2 km 4. Arne Jordåen
KS: 2 km 3. Pernilla Eugenie Epland

MS: 6x1 km:5. Stord IL (Tom Erling Kårbo og Jacob Hystad)

I NM terrengløp, lange løyper, i Vik i Sogn 14.10.2017 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

KS 6km 4. Pernilla Eugenie Epland

I NM halvmaraton i Oslo 16.09.2017 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

KS ½-maraton 2. Pernilla Eugenie Epland 1:17:04

I NM mangekamp Indre Arna, 20.-21.5 2017 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:



KJ 7-kamp 6. Tone Sandtorv Brakedal 3758
poeng

I NM mangekamp innandørs på Sandnes, 19.2 2017 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

KJ 5-kamp 3. Tone Sandtorv Brakedal 3216
poeng

Krinsmeistrar i terrengløp på Stord 25.mars:

MU-23 3 km 1. Vegard Havn

KS 2 km 1. Pernilla Eugenie Epland

Figur 1: Tom Erling Kårbo i aksjon under EM terrengløp i Samorin i Slovakia

Tom Erling Kårbo representerte Noreg i Europameisterskapet i terrengløp i Samorin, Slovakia 10.12.2017. Han sprang inn til 31.plass på den 10 km lange løypa og vart med det nest beste norske løpar



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Tom Erling Kårbø representerte Noreg i first league team championship i Tampere, Finland 21.-22.6.2017 på 1500m og 3000m hinder. Han sprang inn til 9.plass på 1500m med tida 4,00,69 og til ein 5.plass på 3000m hinder med tida 8,45,71.

Figur 2: Her er Pernilla i aksjon under terrengløp i finske Pajulati



Pernilla Eugenie Epland representerte Noreg i nordisk meisterskap i terrengløp i Middelfart i Danmark 11.11.2017 og ho sprang inn til 9.plass på den 7,5 km lange løypa og Noreg fekk sølv i lagkonkurransen.

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 23 i 3.divisjon med poengsummen 10483 (20 res) (2016= 7790poeng (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 5 i 2.divisjon, med poengsummen 17065 (25 res) (2016=16585 poeng(24 res)) og held seg i divisjonen.

Veteraner:

I veteran-NM 5-kamp 17.6.2017 på Gjesdal

Oddvar Hårde (69) MV 45-49 5-kamp Nr. 1 2791 poeng

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



I veteran-EM 10 kamp 27.-28.7 2017 i Århus, Danmark

Oddvar Hårde (69) MV 45-49 10 kamp Nr. 6 5673 poeng

Krinsmeistrar i terrengrøp på Stord 25.mars

MV 50-54 3 km 1. Per Martin Furevik

MV 60-64 3 km 1. Tjerand R. Espeland

I krinsserien vart herrelaget nr 1. i 2 divisjon med 9303 poeng på 15 resultat (2016= 7268 (14)).

Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM i Bærumshallen 26.-28.1 2017 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

Jacob Vaula (16) 60m Nr. 4 7,23 (7,36 h-1; 7,38 sf-3)

I Ungdoms-NM på Fana 1.-3.9 2017 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Jacob Vaula (16) 100m Nr. 2 11,31 (11,31 h-1)

200m Nr. 3 22,88 (23,69 h-1; 23,13 sf-3)

Arne Jordåen (17) 800m Nr. 20 2,10,95

Tone Sandtorv Brakedal (18) 100m Nr. 8 12,78 (12,66 h-3)

100m hekk Nr. 5 15,39

Lengde Nr. 11 4,97m

Celina Hauge Vatna (15) Spyd Nr. 5 31,10 m



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

Jullian Skimmeland Aasheim (14) og Sofie Skard (13) representerte Hordaland i kretskampen på Lerøy-lekene, regionale ungdomsleker 9.-10.9 2017 og oppnådde følgjande resultat:

Julian Skimmeland Aasheim (14)	80 m hekk (84)	Nr. 1	11,94
	200m hekk (76)	Nr.1	27,22
Tresteg		Nr.1	12,41w

Sofie Skard (13)	60m hekk (76)	Nr. 7	11,52
	Kula (2kg)	Nr. 9	8,12m
Høgde		Nr. 4	1,41m
Spyd (400g)		Nr. 7	18,98m

Følgjande vann krinsmeisterskap i 2017:

Mathilde Alfarnes Amundsen (11)	Terrengløp 600m
Ingeborg Dahle Raunholm (12)	Terrengløp 600m

Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 4.plass i 1.divisjonen med poengsummen 33434 poeng på 40 resultat (2016= 32545 (40 res)) og held dermed plassen i 1.divisjon.

Gutane sitt 1.lag kom på 8.plass i elitedivisjonen med poengsummen 47737 på 57 resultat (2016= 41848 poeng (50 res)) og rykker dermed ned til førszte divisjon i 2018.

Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Vegard Havn, Arne Jordåen, Nils Hetlefåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetlefåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetlefåt

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Utmerkingar

På "premiefesten" vart følgjande utmerkingar utdelt:

"Beste gut" Julian Skimmeland Aasheim

"Beste jente" Tone Sandtorv Brakedal

"Mest allsidige jente" Tone Sandtorv Brakedal

Gullmerket (over 1000 tyrvingpoeng) vart utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat:

Julian Skimmeland Aasheim (13) for 27,06 på 200m hekk, Jacob Vaula (16) 11,24 på 100m.

Lagsrekordar

Tone Sandtorv Brakedal	100m	12,63	18/6
	100m	12,62	1/7
	Lengde	5,38m	26/5
	100m hekk	15,63	20/5
	100m hekk	15,02	2/6
Pernilla Eugenie Epland	1500m	4,33,64	15/6
	1500m	4,33,06	18/6
	3000m	9,48,51	4/6
	3000m	9,41,95	16/6
	5000m	16,54,11	25/8
	10000m	35,40,78	27/8
Tom Erling Kårbo	3000m hinder	8,34,19	17/6



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

SAMANDRAG:

Etter nedturar kjem alltid oppturar. Slik var 2017 for Stord Friidrett. Vi hadde håp om VM-billett og London-tur for Tom Erling Kårø på 3000 meter hinder. Men vårt eige forbund sa nei, til stort vonbrot for Tom Erling og klubben vår. Men vår lojale utøvar let seg ikkje knekke av eit nei. No er EM og Berlin staka ut for vår norske hinderkonge. På afrikansk jord har han køyrt knallharde treningsøkter saman med familien Ingebrigtsen. Saman drar dei nytte av kvarandre, noko som kan føre til fortent EM-tur til Berlin 2018.

Pernilla Epland har teke store steg frå motbakke til sterke baneløp i løpet av 2017. Den råsterke tysnesjenta viste godt igjen under NM på 5000 og 10.000 meter i Sandnes. Innsatsen har gitt Pernilla oppdrag for det norske landslaget. Kjenner vi Pernilla rett legg ho lista høgt for 2018. Vi håper innsatsen til Pernilla inspirerer andre jenter til å satse på løping og friidrett.

Ungdommane våre bak viser og godt att rundt om på stemner. Sprintaren Jacob Vaula løp opp mot sitt beste på 100 meteren i senior NM i Sandnes. Her leverte og Tone Sandtorv Brakedal solide prestasjoner. Under kyndig oppfølging av Nils Hetlefjåt gjer Arne Jordåen, Erlend Kringeland og Vegard Havn solid framgang. Velfortent etter mange tøffe og harde intervalløkter.

Spennande blir det og å følgje Sofie Skard som stadig bryt nye barrierar i høgde. Som sagt det er mykje positivt som skjer i gruppa vår. Men det kjem ikkje av seg sjølv. Mykje hardt arbeid og mange timer med trening gjer sitt til at Stord Friidrett «plukkar kirsebær» saman med dei stor klubbane.

Vi hadde nokre tunge timer i haust då diskosburet på Stord stadion blei tatt av vinden. Etter hard medfart var det lite å fiksia på. Men gladmeldinga kom frå Stord kommune då vi kunne bestille nytt og betre bur. Vi kan og no sleppe til sleggekast i dette buret. I løpet av vinteren kjem det nye på plass, og stor takk til Stord kommune, og ikkje minst Harald Engevik og Reidar Nesse som tar grunnarbeidet og følger prosjektet frå start til mål.

Styret i Stord Friidrett er stadig på jakt etter nye og betre prosjekt. Vi valde å leggje ned Tour De Stord. Eit spennande prosjekt med tre løp på tre dagar. Men dette traff ikkje målgruppa. Då var det i tenkjeboksen og opp kom trappeløp og Fossabrekko opp. Her fekk vi ein flying-start på første forsøk, og dette løpet har eit langt større potensiale. Det blei ein flott haustdag i vakker natur med utfordringar for heile familien. Raskast opp i Fossabrekko blei lettbeinte Harald Kårø

I fjor tok lokalavisa kontakt med oss i friidretten for å høre om det var mogeleg å få til ein maraton med start og mål i sentrum av Leirvik. Ein by med respekt for seg sjølv må ha sin eigen maraton. Eit samla styre tente på ideen, og løypene gav seg sjølv med vegen rundt Ålandsvatnet og turstiane i Landåsen. Med god marknadsføring av lokalavisa Sunnhordland og eit godt og tett samarbeid med Stord kommune blir det folkefest i Leirvik sentrum 5. mai. Dette er eit breiddarrangement og løpsfest som fort kan samle 700-800 løparar i vakker natur i og rundt Leirvik sentrum. For Stord Friidrett er dette eit arrangement med mange og store utfordringar. Men dette skal vi klare!

For å utvikle og ta vare på våre arrangement med Stordleikene i spissen treng vi gode samarbeidspartnarar som ser nytten av vårt arbeid for både unge og eldre. Vi har desse støttespelarane, og vi set stor pris på dykker lojale oppbakking,

Vi har ikkje mange trenrarar, men vi har dyktige trenrarar som kan sitt fag. For framtida blir det viktige å arbeide for å rekruttere og utdanne nye trenrarar til både løp og tekniske øvingar.

Til slutt vil eg takke styret i Stord friidrett. Vi klarer å unytte styrken i kvarandre og gjennom travle periodar styrer vi etter mottoet «smil og med stil».

Runar Øvrebø

Styreleiar, Stord Friidrett

ÅRSMELDING 2017

STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

STYRET 2017

Leiar: Jon Eirik Kvalnes
Nestleiar: Thomas Dahl
Kasserar: Kjartan Grov
Skrivar: Sønøve S. Koløen
Medlem: Jan Roar Hovland, André Skjønberg, Tora Myklebust
Ungdomsrepresentant: Nina Aalvik
Vara: Sigfred Framnes

Styret har hatt 9 styremøte i 2017.

INNLEIING

Stord IL turngruppa har hatt eit innhaldsrikt og utfordrande år på fleire område. Me er i stadig vekst, og har per desember 2017 nær 480 aktive medlemmer i alle aldrar. Aktiviteten er i hovudsak i turnhallen på Vikahaugane sportssenter, men me har også foreldre/barn-grupper og vaksengrupper i gymsalar på Langeland, Leirvik og Hystad skule, samt i Gamlehallen. Me ser ei stadig aukande interesse for turn blant jenter, og berre frå 2014 til 2017 har talet på jenter mellom 6 og 12 år dobla seg. Samstundes ser me at gutar og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn dersom dei ikkje vert med i satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparatturn.

Tilbodet vårt er, og har vore, basert på at breidde skapar topp og topp skapar breidde. Med ei så stor auke i medlemstal, fordrar det også at me har fokus på å oppretthalda god kvalitet i det tilbodet me gir. Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er gymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette har vore ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Me er særskilt takksame for den gode innsatsen trenarane våre gjer med gymnastane.

I 2017 har me arrangert Gymfest i Vest for ungdom på Stord. Dette er eit stort arrangement på Vestlandet, for alle turnforeiningar i NGTF, Hordaland krets. På gymfesten deltok nær 250 gymnastar og trenarar frå 14 ulike klubbar. Arrangementet vart ein suksess med stor dugnadsinnsats frå foreldre til troppsgymnastane, eldsjeler og styret.

Turngruppa arrangerte NM i turn for kvinner og menn under Landsturnstemne i Haugesund 23.-25.juni saman med Haugesund Turnforening. Frå turngruppa deltok eldsjeler som Kjartan Grov, Paul Skjønberg, Erik Skar, Henning Nielsen og André Skjønberg. Arrangementet førte til mange dugnadstimar både i Haugesund og på Stord, då mykje av vårt utstyr vart nytta til konkurranssegjennomføringa.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2017 486 registrerte medlemmer. Me har i tillegg nærmere 50 personar på venteliste til dei ulike barnepartia. Dette er svært populære grupper, og grunna kapasitet på halltid og trenarar, har me ikkje klart å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det. Dette tykkjer me er beklageleg, og håpar me finn ei løysing for dei komande åra.

Medlemsoversikt Turngruppa									
Jenter/gutar:	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Jenter 0 - 5	54	39	24	32	56	55	38	41	47
Jenter 6-12	163	127	93	82	80	103	76	90	94
Jenter 13-19	8	22	9	17	19	31	8	28	12
Jenter 20-25	1	1				1	2	21	-
Jenter 26+	70	66	69	53	75	81	65	21	37
Gutar 0 - 5	57	42	26	32	57	45	38	43	47
Gutar 6-12	65	68	71	93	89	50	79	54	56
Gutar 13-19	8	27	16	16	24	19	22	13	4
Gutar 20-25	0	1	2				1		-
Gutar 26+	50	54	49	60	59	58	65	68	56
Total	476	447	359	385	459	443	394	395	394

I 2017 har me for alvor fått nytta mySoft som medlemssystem. Dette har ført med seg eit meir effektivt system i høve fakturering av medlemskontingent, og ei betre oversikt over medlemsstatus. Personar som har meldt seg på, har motteke varsel om registrering og tilbod om plass etter kvart som dei vert tildelt dette. Innføringa og implementeringa av mySoft har vore tidkrevande og til dels vanskeleg for både medlemmer og styret.

Nytt for turngruppa sine medlemmer, er at medlemsskapet no fortset fram til det vert sagt opp. Det vil sei at me går vekk frå den tidlegare ordninga der gymnastane måtte melde seg inn kvar haust. Me vonar dette vil bli meir effektivt.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



TRENARSITUASJON

Turngruppa vil takka alle instruktørane våre for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Turngruppa ser det som positivt men samstundes utfordrande at me ikkje har ei stabil trenargruppe over tid. Me har stor utskifting kvart år, då fleire av trenarane våre lyt takka for seg av ulike årsaker som utdanning, militær og jobb. Turngruppa har difor i 2017 vurdert løysingar for profesjonell trenarressurs. Alle trenarane våre har i 2017 fått skriftleg trenaravtale og eit ordna system for løn, tilbod om kompetanseheving og andre fordeler. Mot slutten av 2017 laga me eit jobb-tilbod til Karoline Frederich, som vert ny trenar i staben frå januar 2018.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.

I barnepartia har me i stor grad nytta troppsgymnastar som hjelpetrenarar. Desse er veldig viktig for å halda ro og orden i partia, samt å bidra til innretning av element. Hjelpetrenarane våre får tilbod om å delta på kurs, og me håpar at desse vert med som hovudtrenarar etter kvart som dei vert eldre.

Eldsjeler som stadig er å sjå i hallen, er framleis ein stor ressurs i turngruppa. Desse hjelper til der det trengs, dei har eigne barneparti og trør alltid til dersom det er behov for det ved opp- og nedrigging, rydding og anna. Me er svært takksame for det arbeidet dei gjer.

I konkurranseturn-gruppene våre har det vore ei endring i 2017. Første halvår 2017 hadde turngruppa ei aktiv rekrutt/junior-gruppe for gutter og to konkurranseturnarar på nasjonalt høgt nivå. Tobias Mortensen og Lars Eik Breirem har i 2017 delteke på fleire samlingar og konkurransar. Under NM i turn i Haugesund i juni, deltok Lars i seniorklassen og kom til finale i svingstang og ringar. Dette er omtalt seinare i årsmeldinga. Hausten 2017 takka Lars og Tobias for seg i turngruppa, etter mange flotte år med gode turn-resultat. Endringa har medført ei utfordring på trenarsida og dette gjer at me står att med ei aktiv gruppe leia av Jan Roar Hovland. Me vonar og trur at desse vil bli fleire i 2018 og danna eit nytt grunnlag for fleire fine år med apparattturn i turnhallen.

Troppsgymnastane våre vart i 2017 delt inn i ei rekrutt- og ei juniorgruppe. Dette har ført til meir effektive treningar, og me har fått plass til fleire gymnastar i gruppene. Dei syner ei flott utvikling og med dyktige trenarar har me tru på at desse kan få flotte år som konkurranseturnarar i troppsgymnastikk.

Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.

AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

- Jon Eirik Kvalnes og Kjartan Grov deltok på leiarkonferanse i regi av NGTF, 17.-18.november
- Seriekonkurranse vart arrangert på Stord i februar
- Gymfest i Vest for ungdom vart arrangert av Stord IL turngruppa i mai
- NM i turn for kvinner og menn i Haugesund vart arrangert i juni
- Sommarleir for troppsgymnastikk vart arrangert på Stord i august
- Tre trenarsamlingar
- Juleoppvisninga på Vikahaugane vart arrangert 10.desember
- Romjulsleir på Vikahaugane i regi av NGTF



Eit bilet frå juleoppvisninga – alle trenarane samla

HEIDERSTEIKN

Det vart ikkje delt ut heidersteikn til nokre i turngruppa i 2017.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT HAUST 2017

Parti	Instruktørar	Stad
Foreldre og barn 3-4 åringar, 3 grupper	Alice Aasheim, Hildegunn Gram, Hege Nordhus, Lisa Havn, Ingebjørg Aaland	Leirvik, Hystad og Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Alice Aasheim	Leirvik skule
Turn jenter 1.-2. klasse	Tone Brakedal, Kaja Skjønberg, Marielle F Kvalnes, Hedda Myklebust	Turnhallen
Turn jenter 3. klasse	Tone Brakedal, Kaja Skjønberg, Marielle F Kvalnes, Hedda Myklebust	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Tina Spissøy, Kaja Skjønberg og Trym Erlend M Hansen	Turnhallen
Turn guitar 1.-2. klasse	Kristian Lunde, Lars Mugaas, Lars Mugaas Hegland, Paul Skjønberg og Henning Nielsen	Turnhallen
Turn guitar 3.-4. klasse	Trym Erlend M Hansen, Tina Spissøy, Kaja Skjønberg	Turnhallen
Trampett/tumbling guitar/jenter 5.-10.klasse	Iver Fivelstad, Tina Spissøy, Miriam Matre, Emil G Wathne	Turnhallen
4 parti fordelt etter alder		
Vaksenparti		
Stemnedamene	Rullering	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås, Eva Grov og Elisabeth Littlehamar. Vikar har vore Live Gravdal	Vikahaugane
Konkurranseparti		
Apparat turn, aspirant, rekrutt, junior og senior	Jan Roar Hovland, Paul Skjønberg, Jarle Mortensen. I tillegg har Trym Erlend M Hansen og Henning Nielsen også delteke på treningar	Turnhallen
Troppsturn rekrutt <13 år	Lars Mugaas Heggland, Birger Taranger	Turnhallen
Troppsturn junior >13 år	Nina Aalvik, Birger Taranger, Lars M Heggland	Turnhallen

Foreldre og barn, Leirvik/Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbodet til turngruppa har dei siste åra hatt noko ulikt tilbod. Dette tilbodet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2017 har me slått saman 5-årsgruppene slik at alle 5-åringar har gått på Leirvik skule.

3-4 årsgrupper har hatt aktivitet på Leirvik og Hystad skule, samt det vart oppretta ei gruppe på Langeland skule hausten 2017.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder.

Foreldre/barn-gruppene har hatt ei trening i veka.



Jenter turn 1.-4. klasse

Jenter i 1.klasse har hatt trening saman med 2.klasse jenter. Dette var både i vår og i haust. Elles er gruppene delt i klassar. Alle partia har ei trening i veka, og har treningane sine i turnhallen. På treningane er tumbling og trampett mykje nytta, saman med frittståande-gulvet. Det er mykje turnleik, med innøving av enkle, grunnleggjande, turnelement som framover og bakover rulle, slå hjul, salto, flikk-flakk med meir. Nokre av jentene som syner ei ekstra interesse og framgong, og dei har då mogleik for å vera med rekruttgruppa i troppsgymnastikk.

Jentepartia har stor interesse blant påmeldte, og det er ved utgangen av 2017 venteliste på alle parti mellom 1. og 4.klasse.

Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane har i 2017 vore delt inn i 2 grupper, grunna lågare påmelding enn jentene. I gutegruppene er det i større grad lagt fokus på styrketrening. Grunnøvingar som riktig sats på brett, skikkeleg tilsprang, rulle fram- og bakover, handståande med meir er ein del av grunnelementa gutane skal kunne dei første åra. Gutane har med dette eit godt utgangspunkt for å trea meir apparat-turn enn jentene.

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement. I gutegruppa for 3.-4.klasse har det vore meir bruk av tumbling og trampett.

Nokre av gutane har fått tilbod om å trea med konkurransegruppene våre, både troppsgymnastikk og apparattturn.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Jenter/ guitar tumbling/ trampett 5. – 10. klasse

Desse gruppene har vore delt etter klassetrinn. Her trenar guitar og jenter i lag og fokuset på treningane har vore grunnøvingar innan turn. Målet har vore at gymnastane skal få den treninga som er tilpassa kvar einskild. Derfor har det blitt instruert element med ulike vanskegrader, utifrå kva gymnastane meistrar. I tillegg har dei jobba ein del med fiksering for å få fine og stramme bevegelsar, noko som også skal førebyggja skadar.

Tumbling og trampett er øvelsar i troppsgymnastikk, som inneber ulike voltar og element innan turn gjennomført på tumblingmatte eller trampett. Alle treningar er i turnhallen, og dei har tilgong på godt utstyr.

Gruppene med tumbling og trampett har trening ein dag i veka. Dette gjer at fleire av gymnastane har andre aktivitetar som sin hovudaktivitet, og me vonar det er eit fint bidrag med turntrening midt i veka. Partia er særslig populære, og me har til dels lange ventelister på nokre av gruppene. Me ser at gruppene har langt fleire jenter enn guitar påmeldt.

Dei som har synt ekstra interesse, motivasjon og vilje til trening, har fått mogleik til å delta med rekrutt- og juniortroppen til turngruppa. Det er i desse gruppene rekruttering til konkurranseturn skjer.

Stemnedamene

Stemnedamene har også i år trena kvar måndag i turnhallen. Dei har ikkje faste trenarar, men har hatt ei rulleringsordning blant nokre av damene som deltek.

Herrer mosjon

Herrene i turngruppa er delt i to grupper. Dei trenar fast to gongar i veka på Vikahaugane og på Hystad skule. Dei to partia har ca. 60 deltagarar til saman. Mål for treningane har vore generell trening i styrke og uttøyning for å vedlikehalde styrke og gode utslag i dei ulike ledd. I tillegg har dei trena lett kondisjon gjennom ulike ballspel. Nye deltagarar har kome til og funne seg raskt til rette i eit triveleg og lystig miljø.

Aerobic, zumba og step

Også i år har me hatt ei stabil gruppe i sving, med om lag 60 damer frå 16 år og oppover. Desse har hatt treningstider to gonger i veka og har fokus på kondisjon og styrke. I 2017 har me hatt to vikarar inne som trenar. Dette har bidrige til at damene har fått zumba på plakaten kvar onsdag i haust.

Konkurransetropp i tumbling/ trampett



2016 vart året for eit generasjonsskifte i tumbling/trampett troppen. Fleire av juniorane våre forsvann til andre klubbar, starta med studier og jobb, eller av ulike grunnar sluttet i turngruppa.

I 2017 har fokuset vore å få etablert ei stabil juniorgruppe, samt oppretta ei ny rekruttgruppe. Dette har me klart, og ved slutten av 2017 har me om lag 35 gymnastar som trenar jamt med troppsgymnastikk. Desse er fordelt på junior og rekrutt, og er frå 9 til 16 år. Dei syner eit flott samhald og har stadig flott framgang. Når turngruppa endra på treningstilbodet til apparatturngruppa for ungdom, kom nokre av gutane som trena der, over i troppen. Dette bidreg positivt til både nivå og kjønnsdeling i gruppene, og me har i 2017 delteke på fleire samlingar og konkurransar med både reine jente- og gutelag, samt mix-lag. Mot slutten av 2017 fekk troppane ny trenar i staben, og dei kjem framover til å ha meir fokus på frittståande øvelse for tropp. Dette vil føra til at troppane kan delta som teamgym i 2018, og vera i stand til å konkurrera i fleire apparat.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransegruppa i troppsgymnastikk har i 2017 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Hedda *	Myklebust	2007	Rekrutt
Ida Synnøve Flatås *	Kvalnes	2007	Rekrutt
Pia *	Vaula	2008	Aspirant
Karl *	Grov	2005	Rekrutt
Torbjørn Ottesen *	Horneland	2004	Rekrutt
David Borgenvik	Hansen	2004	Rekrutt
Samson	Økland	2004	Rekrutt
Tiril Husebø *	Storetvedt	2004	Rekrutt
Tørres Koløen *	Birkeland	2004	Rekrutt
Joar Ramsdal *	Steen	2004	Rekrutt
Leah Ribesen	Skjærvold	2004	Rekrutt
Tora Eik *	Breirem	2004	Rekrutt
Marielle Flatås *	Kvalnes	2004	Rekrutt
Leon Hauge *	Aarsund	2005	Rekrutt
Anna Ytreland *	Gardner	2007	Rekrutt
Andreas	Auestad	2006	Rekrutt
Ida Taranger	Alvsvåg	2003	Junior
Ronak	Jensen	2003	Junior
Carina *	Stautland	2003	Junior
Beate Sørvik *	Torkelsen	2001	Junior
Eline Røstbø *	Treeck	2003	Junior
Jakob *	Gjæsæther	2002	Junior
Miriam *	Matre	2001	Junior
Emil Gjeraker *	Wathne	2001	Junior
Synne Gjeraker *	Wathne	2003	Junior
Thea Elise *	Paulsen	2003	Junior

Dei som er merka med * er framleis aktive ved utgongen av 2017.

Troppen har delteke på desse konkuransane/aktivitetane:

Konkuranse /Aktivitet	Stad	Dato
Teamgym-samling	Sandslihallen	Mars
Gymfest i Vest for ungdom	Stord	Mai
Sommarleir	Stord	August
Kretsmeisterskap i troppsgymnastikk	Laksevåghallen	Oktober
Teamgym-samling	Sandslihallen	Oktober



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Konkurranseturn - apparattturn

Apparattturn har hatt god aktivitet i 2017.

Apparattturn er eit parti som rekrutterer aspiranter frå Gutar 1.-2. klasse partiet og 3.-4. klasse partiet. Me har mange lovande aspirantar og rekruttar som trenar godt i gruppa, men me har hatt ein del større endringar i 2017.

Då me fekk mangel på trenarressursar, gav me aktuelle rekruttar og kl.1 utøvarar tilbod om overgang til tropp for å behalda desse vidare i turngruppa. I 2017 har me jobba mykje med strategi for vidare utvikling av den «nye» apparatgruppa, og løysing av vidare rekruttering og fornying i 2018. På mange måtar kan me sei at me står overfor eit generasjonsskifte også her, både innan trenarkrefter og utøvarar.

Det er planar for 2018 å oppretta 3 grupper for å skapa naudsynt auka aktivitet:

- Nybegynnerparti
- Mellomparti
- Satsingparti

Desse gruppene vil totalt kunna betena omlag 15-17 utøvarar på ein god måte.

Det er planar om å laga eit ferdig treningsprogram og treningsplan av god kvalitet, saman med video, som skal laga eit enklare grunnlag for trenrarar i mellomparti og Nybegynnerparti å ta i bruk høgkvalitets basis og apparattrening. Saman med nødvendig ledig treningstid i hall vil dette hjelpe med å skapa eit godt grunnlag for auka aktivitet, rekruttering og bidra til ein enklare prosess ved engasjering av nye trenrarar.

Bildet til høgre:

3. Seriekonkurranse i Bergen viste gode resultat for oppkommande Aspirant og Rekrutt Noah og Christopher som har vist gode resultat saman med resten av aspirantane i 2017. (f.v) Noah Hovland, Trenar Jan Roar Hovland og Christopher S. Dahl



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransegruppa Apparattturn har i deler av 2017 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Alder	Klasse
Kristian*	Semasko	2010	Aspirant
Jonathan*	Bathgare	2009	Aspirant
Luca*	Kvarven	2009	Aspirant
Theodor Oma	Tjøsvoll	2009	Aspirant
Noah*	Hovland	2008	Aspirant
Jonas Angel	Langli	2006	Rekrutt
Jonas Olsen	Viste	2006	Rekrutt
Jens	Nesse	2006	Rekrutt
Samuel Hystad*	Evensen	2006	Rekrutt
Christopher*	Dahl	2006	Rekrutt
Karl	Grov	2005	Rekrutt
Tørres Koløen	Birkeland	2004	Rekrutt
Samson	Økland	2004	Rekrutt
Oliver*	Solheim Hovland	2004	
Tobias	Mortensen	2003	FIG Junior
Lars Eik	Breirem	1997	FIG Senior

Dei merka * er dei som fortsatt er aktive ved utgangen av 2017.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Me har hatt deltakarar på desse konkurranseane / Aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Unni og Haralds Pokaler	Oslo TF	Mars
Seriekonkurranse Nr 1	Stord	April
FIG-Konkurranse nr. 1/Twentyfourcup nr. 1	Sotra	April
Regionsamling	Sandnes	Mai
FIG-Konkurranse nr. 2/Twentyfourcup nr. 2	Bergen Turnforening	Juni
NM	Haugesund	Juni
Seriekonkurranse Nr 3	Bergen	November
Romjulssamling	Stord	Desember

I tillegg til konkurransane over, har me prøvd å vidareføra interne treningssamlingar for apparatturn og tropp frå 2016 for å auka kompetanse på trenarar samtidig som det gir vidare inspirasjon til utøvarar.

Me har hatt desse treningssamlingane i 2017:

- Samling 5, i Mars med Anatol Ashurkov
- Samling 6, i Desember med Andrey Kazakov

Dette er svært gode treningar og utvikling som me bør arbeida vidare med i 2018.



Nokre av gutane i dagens satsinggruppe: Luca Kvarven, Noah Hovland, Christopher S. Dahl og Kristian Cemasko)

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Bilete frå konkurranse i svingstang under NM i Haugesund

Lars Eik Breirem – deltaking i NM senior

Lars deltok i 2017 i NM turn for senior i Haugesund. Vel gjennomførte øvelsar enda med finale og 6.plass i svingstang og 7.plass i ringar. Me gratulera med flott innsats!

Lars har i mange år vore ein sentral del av turngruppa, og har delteke som utøvar, trenar og motivator i mange år. Han har dei siste åra vore ungdomsrepresentant i styret til hovudlaget. Etter NM i juni-17 reiste Lars til militæret for førstegongsteneste, og me ønskjer han lukke til vidare.

UTDANNING/KURS

Jan Roar Hovland har delteke på kurs i regi av Olympiatoppen Vest-Norge.

Kurset er eit utviklingsprogram retta mot trenarar for yngre utøvarar som ønska å satsa på idretten sin. Dette med mål om å gi trenarar for unge, ambisjonsrike utøvarar, grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter i arbeidet med utviklingsorienterte treningsmiljø. Kurset gjekk i Bergen over 4 samlingar på 2 dagar kvar, og gjekk på tvers av fleire idrettsgreiner.

Det har vore arrangert trenarkurs i regi av kretsen, som Jan Roar Hovland, Tina Spissøy og Trym Erlend M Hansen har vore med på. Tema har vore litt ulikt, men relevant i høve trenarrolle til den enkelte.

Turngruppa legg alltid til rette for at trenarane våre kan få mogleik til vidareutvikling. Dette er eit satsingsområde som me framleis vil prioritera høgt.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

ØKONOMI

Økonomien i turngruppa er god, og overgangen til mySoft som medlemssystem er mykje av grunnen til at innbetaling av medlemskontingenter er i større grad gjennomført slik som budsjettet. Tilskot som er tilført gruppa har vore om lag på same nivå som tidlegare. Gruppa leverer eit positivt årsresultat på 255 548 000 kroner.

Turngruppa fekk i 2017 tilskot frå Sparebanken Vest pålydande 20.000 kroner til bruk for gjennomføring av Gymfest i Vest for ungdom, som vart arrangert i mai-17.

Turngruppa sin gode økonomi har gjort det mogleg å vurdera ytterlegare styrking av trenarstaben vår. Det vart gjort eit grep i høve medlemskontingent i 2017 som mogleggjer tilsetjing av profesjonell(e) trenar(ar). Endringa inneber ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1000 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt ein makspris på 4000 kroner per år. Dette er eit arbeid som styret jobbar kontinuerleg med, og det har vore vurdert fleire ulike løysingar for dette. Som eit resultat, har me i 2017 inngått skriftlege trenaravtalar med alle instruktørar på alle nivå, og bli einig om løn med kvar enkelt instruktør. Me vonar at me framover kan vera konkurransedyktig på løn, for å behalda, og styrka, trenarane våre.

Det har ikkje vore nytta midlar frå gavefondet me fekk i høve 80-årsdagane til Kristian Lunde og Lars Mugaas i 2017.

MAGNE MUGAAS FOND

Det vart ikkje delt ut stipend i 2017.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

TILLITSVERV I KRETS OG FORBUND

Erik Skar har hatt eit verv i Årestegnskomiteen i HGTK.

VALKOMITE

Valkomiteen har bestått av Bjørn Tømmervik, Guro Lund og Aslaug Grov Almås.

Stord, dato 2.mars 2018

Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes

Leiar

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2017

Sportsleg aktivitet.

- Eigne arrangement:

Rulleskirenn.

I samband med kretssamling i regi av skigruppa, vart det arrangert kretsrenn på rulleski i fristil i Prestagardsskogen den 3. september 2017. Dette var fjerde gong det vart gjennomført eit slikt arrangement i regi av Stord Ski. Tilbakemeldingane frå deltakarane og klubbane var svært gode, og totalt deltok i overkant av 30 personar i kretsrennet frå 12 ulike klubbar.

Den 22. september vart "Stord opp" gjennomført for fjerde gong, med målgang ved demninga i Vaulane. Rennet er eit "motbakkerulleskirenn" i klassisk teknikk. Deltakarane vel sjølv startplass etter kva ein sjølv føler passar best.

Lengste løypa går fra E39 v/Førlandskrysset (6 km). Mellomdistansen går fra Sjoalemro (4 km) og kortaste løypa frå Fjellstova. Den er 2 km og høver best for dei yngste. Håkon Størkson Berg var raskast i løypa frå Sjoalemro, medan Åsmund Hellesøy var raskast i langløypa.

Tysdagstrimmen:

10 trimmekveldar frå oktober til desember vart gjennomført frå Vabakkjen etter kjent mønster. Siste runde i TYSDAGSTRIMMEN 2017 (32. sesong) gjekk 5. desember kl 19.00. Det var regnfullt, men god stemning. Fleire premiar vart delt ut, for 10 og 9 deltagningar i år. Hovudpremiane gjekk til Kåre Roalkvam og Vidar Navdal for 50 gongers deltaking og til Stein Arve Johnsen for 100 gongers deltaking.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Per Steinar Lunde og Audvald Kvamme. Alle namn og tider har vore på trykk i Sunnhordland. Deltakinga har i år variert frå ca. 20 til ca. 40 trimmarar.

Treningssamling og kretsrenn rulleski 1. til 3. september

Første helga i september var det kretssamling i Prestagardsskogen på Stord for fjerde gong. Det var suksess alt første året (2014) - med flott reprise i 2015. Mellom 30 og 40 spreke ungdommar - 13 til 16 år - fekk instruksjon, trening, sosial samling og inspirasjon av dyktige trenrarar og leiarar. Høgdepunktet laurdagen var rulleskitur til fjells med avslutning på joggesko opp trappene i Fossabrekko. Vossingen, Daniel Dukstad, sat her ein imponerande rekord med tida 6.20. Kretsrennet i fristill - ope for alle klassar - søndag 3. september avslutta samlinga i strålande haustver.

Kretssamlinga er fast inne på terminlista til Hordaland skikrets, og utgjer eit viktig bidrag til rekrytting og oppfølging av satsande skiungdom lokalt og regionalt.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

BUA Stord med rulleskikurs

BUA Stord er eit nytt tilbod i regi av Stord kommune. Store og små kan registrera seg og låna ymse sports- og friluftsutstyr heilt gratis.

BUA har bl.a. ski til utlån, for det meste langrennsski, og litt alpinski. Men førebels er det rulleski som er mest aktuelt. Skigruppa samarbeider derfor med BUA Stord om eit kurs i rulleskigåing.

Tysdag 28. november 2017 instruerte Kjell-Inge Engevik og Sigurd Sandvold fleire frammøte 8-12 åringer i Prestagardsskogen.

Det har også vore samarbeid med sykkelgruppa (rulleskikurs).

-Treningar:

Barne- og ungdomsgruppa har hatt faste treningar kvar veke med oppstart sesongen 2017/2018 i juni. Gjennom hausten er det gjennomført basistrenings (løping med og utan stavar og generell styrke) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Stian Engevik. I tillegg inngår Øyvind Gaute Berg, Kjell-Inge Engevik og Sigurd Sandvold i trenarteamet.

Dei aktive utøvarane i barne- og ungdomsgruppa har også delteke i andre aktivitetar, slik som sykkel, orientering og fotball.

Det har vorte etablert eit uforpliktande treningstilbod for veteranar kvar onsdag frå hausten 2016 i rulleskiløypa i Prestagardsskogen (kl. 1900).

- Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Ungdommens Holmenkollrenn

Ungdommens Holmenkollrenn er uoffisielt noregsmeisterskap for ungdom (13 og 14 år) og vert arrangert kvart år i Holmenkollen i februar.

Frå Stordski stilte Håkon S. Berg (G13). Håkon gjekk 3 km klassisk laurdag og 3 km friteknikk sundag (18. og 19. februar), og plasserte seg bra samanlikna med dei andre utøvarane som inngår i Hordaland skikrets.

Hovedlandsrennet

Hovedlandsrennet er uoffisielt NM for 15 og 16-åringar. Frå Stordski deltok Simen Engevik (G15) og Jonas Engevik (G16). Hovedlandsrennet vart arrangert 3.-5. mars 2017 i Lygna.

Beste plassering var det Simen Engevik som stod for, som til slutt vart nr. 6 i øvinga skicross.

Til liks med tidlegare år har det vore god Stord-oppslutnad på arrangement i Hordaland, elles i Noreg og noko i utlandet. Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen på Voss og elles rundt i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna, mellom anna vart det medalje til Stord ved Simen Engevik under krinsmeisterskapen 28. januar i Ulvik (klassisk). Simen vart her nr. 3 i klassen G15. Håkon S. Berg vart nr. 8 i klassen G13 og Jonas Engevik Vørøs plasserte seg nr. 6 i klassen G 16. Eirik S. Berg deltok i 10-årsklassen og Øyvind Gaute Berg var einaste veteran frå Stord i seniorklassen.

Den 29. januar vart det arrangert KM i fristil (Ulvik). Simen Engevik vart best plassert av Stord-løparane, med ein 6. plass i klassen G15. Håkon S. Berg vart nr. 9 i klassen G13, medan Øyvind Gaute Berg vart nr. 13 i klassen Msenior. Eirik S. Berg deltok i klassen G10.

Stord har elles delteke i dei fleste terminfesta turrenna i kretsen (Hordaland og Rogaland). Her kan nemnast Herresåsen rundt, Haukelirennet m. fl. Det har også vore deltaking i Birkebeinerrennet, Helterennet og Hovden tour m. v. blant veteranane. Fleire av veteranane har Birkebeinerrennet som årleg mål og Stordski var også i 2017 godt representert. Merketakarar denne gongen var Kjell Magnar Helland, Jarle Haugland og Øyvind Gaute Berg.

Det har også i 2017 vore deltaking i utlandet. Åsmund Hellesøy deltok i februar 2017 i Frankrike sitt største turrenn La Transjurassienne, som vert arrangert i vakkert landskap langs Jura-fjella. 50km klassisk laurdagen og 50km skøyting søndagen utgjorde eigen klasse. Åsmund plasserte seg som nummer 40 av totalt 101, som deltok begge dagar.

I januar deltok ein større gjeng med veteranar i Engadin (Sveits). Rennet gjekk i friteknikk og samlar deltakarar frå mange land.

Breiddearrangementet Haukelirennet samlar også mange frå Stord, både aktive skiløparar og turgåarar.

Andre saker

-Anlegg og dugnad

Prestagardsskogen: Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m.

Lysløypa og Heio: Årleg dugnad vart utført seinhaustes, med rydding av traséane for greiner, røter, steinar og anna rusk.

-Ymse

Heimesida: stordski.no Facebook og Skinnytt

stordski.no: Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nyttå både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren. På det meste var det 3000 unike brukarar på ein månad.

I tillegg 2014 oppretta ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til www.stordski.no og nådde eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

Skinnytt: Leiari i skigruppa, Odd S. Rommetveit har sidan 2014 utarbeidd eit kortfatta informasjonsskriv til medlemmer og andre med interesse for skiidretten på Stord. I 2017 kom Skinnytt ut i 2 utgåver.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

Mål- og aktivitetsplan: Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

Medlemmer: Skigruppa har i 2017 fått treningsavgift innbetalt frå i alt 50 personar.

Økonomi: Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2017.

Gruppeleiing: Etter valet på årsmøtet 20. februar 2017 var styret samansett slik:

Leiar: Odd Stuve Rommetveit, valt i 2017 for 1 år.

Sekretær: Øyvind Gaute Berg, valt i 2016 for 2 år.

Kasserar: Odd Stuve Rommetveit, valt i 2016 for 2 år


Styremedlemmer: Bernt Øyvind Vad, valt i 2017 for 2 år. Kjell-Inge Engevik, valt i 2017 for 2 år. Sigurd Sandvold, valt i 2017 for 2 år. Erling Tyse, valt i 2017 for 1 år. Åsmund Hellesøy, valt i 2017 for 1 år.

Varamedlem: Lars Åge Førland, valt i 2016 for 2 år

Trenarar og oppmenn: Stian Engevik, Sigurd Sandvold, Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik.

Takk Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2017.

Stord, 26.2.2018

 Odd Stuve Rommetveit
Leiar og kasserar

 Kjell-Inge Engevik
styremedlem

 Bernt Øyvind Vad
styremedlem

 Øyvind G. Berg
styremedlem

 Erling Tyse
styremedlem

 Åsmund Hellesøy
styremedlem

 Sigurd Sandvold
styremedlem

 Lars Åge Førland
varamedlem

SIL ÅRSRAPPORT 2017
SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



STORD IL SKEISER

ÅRSMELDING 2017



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Styret 2017

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Bjørn Dalen
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

Andre funksjonar:

Ispreparering:	Jan Henriksen og Henning Nordfonn
Kjoskstyrar:	Frank Einar Pedersen
Stemneansvarlig:	Bjørn Dalen
Trenarar :	Terje Almås(elitegruppa) Kjell Storelid(talentgruppa) John Kvarme(juniorgruppa) Lene Onarheim Waage(rekruttgruppa)
Økonomigruppa:	Bjørn Dalen Henning Nordfonn Onar Westerheim

Medlemer:

Skeisegruppa har 47 medlemer pr 31.12.2017

Styremøter:

Det vart avvikla 3 styremøter i 2017

Eksterne møter og representasjoner:

Henning Nordfonn har vore leiar for gruppa som arbeider for bygging av skeisehall

Akivitetar/arrangement

Årsmøtet vart avvikla 01.03.2017

Årsfesten for gruppa vart arrangert 21.04.2017

Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2017.

Gruppa har hatt følgjande dognader:Parkeringsvakt Aker Stord,Vakt handballfestivalen.

Det var 94 stk som tok skøyteknappen. Familie arrangement for DNB i vinterferien. Arrangert skeiseskule over 4 veker.

Driftsoppgåver knytta til skeisebanen

Skeisegruppa har også i år hatt ansvaret for preparering av is, snørydding i helgar og ettermiddag/ kveldstdid. I tillegg til dette generelt reinhald rundt og omkring anlegget.

Drift av kiosk/skeiseutleige

Gruppa har hatt kioskdirfta i publikumstida samt vakt på banen mandag,onsdag,fredag og i helgane

Sponsorar

SKL

Kværner

DNB

Ing Jørgensen

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Veterangruppa år 2017

Veterangruppa kan sjå tilbake på eit aktivt år med mange gode resultat.
I gruppa er det i alt 8 veteranar. 6 av desse har delteke på fylgjande løp:

Kretsløp : 5 deltagarar.

OC-løp i Stavanger 6 deltagarar

NM for veteranar på Geithus : 4 deltagarar

VM Sprint for veteranar 2 deltagarar

Masters i Vikingskipet : 2 deltagarar

NM på Geithus :

Her vart det oppnådd fylgjande plasseringar
(4 distanser + samanlagt)

Onar Westerheim	M65:	5 gull
Harald Westerheim	M70:	1 gull 2 sølv 1 bronse
Kjell Håvard Belsvik	M55:	5 gull
Henning Nordfond	M60:	1 gull og 1 sølv

VM Sprint Veteranar i Inzell.

Henning i M 60 2.plass

Onar nr 4 i M65 (18 delt)

Klubben held fylgjande noregs- og verdensrekordar pr. 31.12.2017:

Onar M65	Sprint firkamp	173,390
Onar M65	Stor firkamp	186,732

Noregsrekordar :

Onar M65	5000m	8,02.09	Hamar
Onar M65	10000m	16,34,60	Stavanger
Harald M70	5000m	8.33.23	Stavanger
Harald M70	10000m	17.47.43	Stavanger

Årsbeste 2017

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000m
M50						
Kjell Håvard Belsvik	42,15	1.25,01	2.12,60	4,48,92	8,36,33	
M60						
Henning Nordfond	41,52	1.23.60	2,21,27			
M65						
Onar Westerheim	45,17	1.30.35	2.24.44	4.55,81	8.21,17	
M70						
Harald Westerheim	48.52	1.35.23	2.24.89	5.06,30		
Jan Henriksen	47.88	1.38.74	2.43.42			
Frank-Einar Pedersen	52.32	1.44.67	2.41.02	5.41.19	9,51.00	20.53.99



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Elitegruppa

Flere av våre beste løpere i klubben har satset «proff» siden 2014. Magne Notland og Espen Brask Nordfonn har og er en del av Canadisk skøytelag i Calgary.

Magnus Brask Nordfonn har etablert seg på et sprintlag i USA, nermere bestemt Salt Lake city.

Magne har siste året vert i nærheten av landslaget, men mangler det siste løftet for å bli aktuell for det. Magne ble nr 6 i både NM allround og sprint. Han har også dette året perset på 3000m og 5000m.

Espen har ikke perset denne sesongen. Han har trent godt og jobbet hardt for å komme videre. Blir spennende å følge utviklingen hans fremover.

Både Magne og Espen har deltatt på stevner i Canada og Norge i denne sesongen

Magnus har vist fin fremgang dette året. Han har den tidligere topsprinter fra USA, Tucker Fredriks som trener, et samarbeid som bærer frukter. Dette resulterte i flotte perser på 500m, 1000m og 1500m.

Blir spennende å følge disse guttene i deres videre satsing fremover.

Personlige rekorder:

Magne:	500m	36.60
	1000m	1.11.04
	1500m	1.48.24
	3000m	3.53.23
	5000m	6.41.93
	10000m	15.44.20



Magnus:	500m	37.58
	1000m	1.16.23
	1500m	1.59.49
	3000m	4.18.78



Espen:	500m	36.76
	1000m	1.12.85
	1500m	1.51.97
	3000m	4.10.86



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Junior Gruppa

Juniorane har løpet av året lagt ned mange timer trening med fokus på mengde og styrke. Alle har vist stor framgang både på barmark og is og har i periodar hospitert i Elitegruppa. Juniorane har vert på treningssamling i Inzell i Tyskland, mange helger i Stavanger og sommaris på Hamar. Dei har deltatt på løp i Bergen, Stavanger, Bjugn, Trondheim, Hamar, Tønsberg. Alle viser stor framgang og stor treningsvilje.



Marcus Kvarme

Marcus har denne våren hospitert i elitegruppa og tatt store steg. Han har satt personlige rekorder på alle distanser og viser stor treningsvilje og gjort store fram skritt på mellom og langdistanse.



Marcus har følgende personlige rekorder:

500m	42,74
1000m	1.24,46
1500m	2.07,79
3000m	4.35,38
5000m	8.28,42

Erlend Belsvik

Erlend har fortsatt sin gode framgang. Han har satt personlige rekordar på alle distansar og viser stor iver i treningsarbeidet sitt. Han har også hospitert i elitegruppa siden i vår og vist stor framgang på sprint og mellomdistanse

Erlend har følgende personlige rekorder:

500m	40,66
1000m	1.21,27
1500m	2.08,51
3000m	4.27,98
5000m	7.56,62
10000m	16.11,04





SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

John Granli

John har hospitert i elitegruppa siden i vår og har tatt store steg. Han har satt personlige rekorder på alle distansar.

John har følgende personlige rekorder:

500m	40,68
1000m	1.21,59
1500m	2.07,35
3000m	4.25,98
5000m	7.44,35



Johannes Kielland Kroka

Johannes har denne perioden tatt store steg både teknisk fysisk. Han har satt personlige rekorder på alle distanser. Han har også hospitert i elitegruppa siden våren 2017.

Johannes har følgende personlige rekorder:

500m	49,90
1000m	1.47,43
1500m	2.51,37
3000m	5.57,13

Anja Sporsheim

Anja har fortsatt framgangen sin på skøytebanen med mange gode plasseringer i Norges Cup og ble nummer 7 i Sprint NM på Hamar i Januar 2017. Anja startet sin første gangs tjenstjeneste sommaren 2017.

Anja har følgende personlige rekorder:

500m	43,46
1000m	1.28,83
1500m	2.20,06

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Thomas Haraldsen

Thomas har fortsatt sin fine framgang på isen og byrjar no få til mange teknisk elementer på is og har no fått godt tak på svingar i høg fart.

Thomas har følgende personlige rekorder:

500m	51,72
1000m	1.42,25
1500m	2.36,33
3000m	5.48,39

Olav Nylund

Olav har fortsatt sin framgang i sprint og har nå også fått taket på de lange distansane. Han har satt nye bestetider både inne og ute og deltok i NM sprint på Hamar i januar 2017.

Olav har følgende personlige rekorder:

500m	39,09
1000m	1.18,91
1500m	2.02,45
3000m	4.41,71
10000m	16.36,04



Øystein Måge Skorpen:

Øystein har denne sesongen fortsatt sin framgang og satt personlig rekord på alle distanser. Han vant også sin klasse på Hamarlekane i januar 2017. Øystein har høsten 2017 utdannet seg til personlig trener i Kristiansand

Øystein har følgende personlige rekorder

500m	44,62
1000m	1.31,04
1500m	2.23,27
3000m	5.02,82



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Daniel Hauge

Daniel har hovedsakelig satset fotball men har deltatt vinterstid og fortsatt sin fine framgang på isen. Han har i lag med dei andre hospitert i elitegruppa.

Daniel har følgende personlige rekorder:

500m	44,04
1000m	1.32,38
1500m	2.25,97
3000m	5.20,82

Talent Gruppa

Talentgruppen har i år bestått av 5 løpere. Emma Waage, Dina Storelid, Simen Storelid, Samuel Waage og Johannes Almås. 2017 var første sesongen med fult konkurranse program fra start og løparane var med på Kretsmesterskap, Hamarlekene, LDM, Sandefjordløpet og Rekordløpet. I tillegg så kvalifiserte Emma Waage og Dina Storelid seg til Landsmesterskapet der de ble nr. 6 og 7. Sesongens høydepunkt var Rekordløpet hvor samtlige satte solide personlige rekorder i sesongens siste løp.

I mai ble det startet opp med felles trening to ganger i uka, i tillegg spiller alle fotball slik at det sommerstid er 4-6 treninger pr. uke. Hoved fokus på vårparten var grunnleggende koordinasjons og spenst øvelser samt øvelser for tilegning av riktig bevegelsesmønster på skøyter. Etter hvert har løperne også prøvd seg litt på rulleskøyter samt litt mer egentrening utover høsten, men fortsatt mest fokus på koordinasjon og riktig teknikk.

Personlige Rekordar:

Emma Onarheim Waage

500m	50,41
1000m	1.45,85
1500m	2.44,77
3000m	5.36,20

Dina Storelid:

500m	49,94
1000m	1.41,61
1500m	2.33,95
3000m	5.18,15



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



Simen Storelid:

500m	51,89
1000m	1.46,09
1500m	3.02,15



Samuel Onarheim Waage:

500m	52,88
1000m	1.50,50
1500m	3.03,36

Johannes Almås:

500m	1.03,84
-------------	---------

Rekruttgruppa

Dei yngste ungane i skeisegruppa har denne sesongen nytta treningane tysdag eller torsdag til grunnleggande øvelsar, balanse, leik og moro.

På isen har dei øvd på startar, kappløp, balanse på ein fot, to føter samla, slalåm mellom tennisballar og kjegler. Gått rundar som oppvarming og jobba med teknikk på langsider, inngang sving, sving, utgong og fullføre langsida heilt inn til mål.
Gruppa har bestått av Eva Fagerbakke Tesdal, Magnus Sørheim Nylund, Ivar Aasen Bjelland, Gaute Lillejordet Grov og Bastian Onarheim Waage. Ungane har teke utfordringane, jobba godt og vist stor framgang! Mange kjekke stunder i løpet av 2017.

Mvh.

Styret

Årsmelding 2017 – Stord Volleyball



STYRET

Svein Andersland - leiar

Kjetil Djuve - trenaransvarleg

Bashkim Misini - styremedlem/kioskansvarleg

Line K. Halwe - økonomiansvarleg

Turid Tvedt Gjellestad - skrivar

Dovile Martinkute - yngre representant (gjekk ut av styret i perioden)

MEDLEMAR

Det var registrert 44 medlemer i sesongen 2016-17. I tillegg kan det reknast inn om lag 25 nye medlemer hausten 2017.

LAGRAPPORTAR

Dame senior 2. divisjon

Sesongen 2016/2017

Sesongen enda med 3. plass både i seriespelet og i sesongens rankingturnering som avslutta sesongen. Dette er beste plassering på mange år – stas med medalje og pokal! Laget har hatt ein stabil tropp med ein erfaren grunnstamme. Dette var siste sesongen laget fekk glede av å ha

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Oda Løvø Steinsvåg og Grete Anuglen på laget. Oda går i dag på ToppVolley Norge i Sand og har etablert seg på U19-landslaget. Medan Grete har teke *bestemorspermisjon*. Laget har hatt to treningar i veka. Spelande trener har vore Gry Tuset.



Feiring av bronsemedalje sesongen 2016/2017.

Sesongen 2017/2018

Laget har vore høgt oppe på tabellen, og starta sesongen med seier både på borte- og heimebane mot Trio som har vunne seriespelet dei siste sesongane. Etter fire spelte kampar låg laget på 1. plass på tabellen. Det er jamt mellom dei fem første laga på tabellen og ved nyttår låg me på ein sterk 3. plass. Laget har hatt to treningar i veka. Spelande trenerar har vore Ane Kristine Storebø og Turid Verdal.

Laget er framleis sett saman av gamalt og ungt: Emma Bulie, Kasia Kaczorowska, Gry Tuset, Siw Haaland Pedersen, Ruth Birgit Løvø Steinsvåg, Ane Kristine Storebø, Turid Verdal og Marianne Velure er grunnstamma i damelaget. Haustsesongen hadde me i tillegg glede av å ha med oss Elin Mikkelsen og diagonal spelaren Maaike Moses frå Nederland (student HVL). Alltid kjekt å få nye spelarar inn på laget!



Damelaget per november 2017 (mangler Ruth og Elin).

Herre senior 3. divisjon

Herrelaget har i år som i fjor deltatt i 3. divisjon. Før sesongstart vart laget einig om målet for sesongen, og alle var enige om at me denne sesongen ville revansjere 2. plassen frå forrige sesong og gå for gull.

3. divisjon utgjer fire serieturneringar, der summen av rankingpoengna frå desse turneringane som avgjer kva plass ein får til slutt. For fyrste gong på fleire sesongar vart det ikkje seier i ei av turneringane, men laget hamna alltid i toppen på rundene. Samanlagt gav desse



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

plasseringane høgast poengsum av alle laga i 3. divisjon, og målet stordherrane hadde for sesongen var oppnådd. 18. februar 2018 vart Stord kåra til seriemeister i 3.divisjon.

I år som i fjor har Stord tilbod om opprykk til 2.divisjon. Dessverre er det ein del usikkerheit knytta til spelarstallen og kor mange som kan bli med til hausten. Stord kjem difor til å halde seg i 3. divisjon i minst ein sesong til, men håpar at det i sesongen 2018/19 vil vere fleire lokale juniorar som tar steget opp på seniornivå. Trenar er framleis Øyvind Langballe Storebø.



Vinnrarar av 3. divisjon i Sotra Arena, 18. februar 2018. Bak frå venstre: Adrian Holm Nes, Bendik Sierra, Anders Haga, Anders Kalleklev Voreland, Svein Andersland. Foran frå venstre: Erik Nilsen Onarheim, Øyvind Langballe Storebø. I tillegg er Vegard Vatna Skjetne, Torgeir Sørvik og Anders Bakken Ottesen seriemeistre.

Gutar U17

Laget deltok på siste serierunden i Sveio i mars 2017, og fekk sin debut i seriespelet. Hausten 2017 har laget fått fast trenar i Anders Kalleklev Voreland, og laget har vore påmeldt seriespel på vanleg måte. På første serierunden i Sandslihalen i november vart det til slutt 5. plass etter å ha vunne mot Gneist og Trio i plasseringsspelet. Det har kome eit par nye i løpet av sesongen, i tillegg til nokre gutar frå Litlabø mottak for einslege asylsøkjarar. Oppmann har vore Linda Misini.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



G17-laget. Bak frå venstre: Peter Gjellestad, Roger Hermansen, Maher Siyam. Foran frå venstre: Adrian Misini, Vilde Kristine Kjerpeseth Bathgate, Tor Våge

Jenter U15/17

U15-jentene har i løpet av 2017 vore omlag 12 spelarar i gruppa, same gruppe spelarar frå 2003-kullet som har vore samla over mange år no. Vårsesongen baud på eit par seriehelger og eit regionmeisterskap (RM) i løpet av januar og februar. Etter det var alle offisielle kamphelger ferdige, så vårsesongen vart noko lang utan «ekte» kampar, trass ei og anna treningsamling med Sveio-jentene. Haustsesongen starta med siger i første seriehelg, og dette gav sterke inspirasjon og gnist inn i både spelargruppa og trenarteamet. Ettersom hausten skreid fram gjekk treningsoppmøtet og -frekvensen opp, og fleire vel no no å trene to dagar i veka, mot ein dag i vår. Enkelte spelarar i gruppa er også modne for å trene og spele kampar med U19.

I sesongen 2017/18 kvalifiserte laget seg og til NM U15 i Bergen, gjennom fjerde plass i RM. Trenar har vore Endre Bjørn Ladehaug, med Geir Mosaker som oppmann. Kjetil Djuve har også vore hjelpetrenar.



Stor jubel etter første plass i første seriehelga hausten 2017!



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

Teknikkgruppa

Stor etterspurnad om treningstilbod for jenter i alderen 14-17 år gjorde at volleyballgruppa sette i gang ei eiga teknikkgruppe hausten 2017. Særleg på jentesida er det nye som kjem til volleyballgruppa, og det er da betre å tilby eit treningsmiljø med spelarar som er på nokolunde same tekniske nivå. Spelarar med god nok framgang kan da takast opp i etablerte spelargrupper. Så langt har denne gruppa fungert veldig bra, og den utgjer om lag 15 spelarar som trener to timer kvar måndag. Eit par av jentene har vore litt med U15 og spelt, men dei fleste hører til U17. Jentene i denne gruppa er svært motiverte og jobbar godt. Nokre har vore borti volleyball før, medan andre er ganske nye. Som namnet seier har me lagt vekt på mykje grunntrening når det gjeld teknikk. Fingerslag og baggerslag har vore hovudfokus, men etter kvart har me jobba og mykje med serv/overarmssmash og mottak med bagger. Me kan no sjå ei bra utvikling teknisk hjå alle og når me spelar kamp, kan me og sjå at bevegelse og speleforståing betrar seg. Det er sjølv sagt enno ein lang veg å gå med mykje forbetringspotensiale, men slik som gruppa framstår med godt humør og fin konsentrasjon så er det kjekt å trena dei. Trenarkreftene har vore Per Øystein Kannelønning, Jörg Halwe og Emma Bulie. Kjetil Djuve bidreg og inn i gruppa.

U13 minivolleyball

Denne sesongen har me vore heldige og hatt ei stabil gruppe med spelarar på U13. Dei beherskar no både grunnteknikkar og reglar, og har starta med å spele utan hald. Nivået er og svært jamnt. Trenar inneverande sesong har vore Vidar Nilsen, med Kjetil Djuve som vikar. Per Øystein Kannelønning var inne som trenar første halvår 2017. Det har og vore besøk fra eldre grupper, som har trent saman med U13 ved eit par høve. Faste spelarar har vore Hermine Holm Nilsen, Jonas Steensohn, Julija Strelan, Kristian Helland, Kristoffer Hatlevik, Lars Vikestrand, Maria Handeland, Mathias Steven Jacobsen, Blanka Mazik og Tamara Ilic.

U19/dame 4. divisjon

Laget starta som ein gruppe jenter frå Bømlo som spela volleyball for moro skuld. Hausten 2015 blei opplegget strukturer med Odd Arne Olsen som oppmann og hjelpetrenar og Karl Henrik Gjerde som hovudtrenar. Laget deltok på HobbyVolley, og spela nokre treningskamper mot Stord sitt jentelag. Våren 2017 gjekk denne spelargruppa inn i samtalar med Stord Volleyball om samanslåing av laga då begge lag ville missa fleire spelarar før neste sesong. Det blei oppnådd einighet, og hausten 2017 var laga slått saman – Hanne Vedøy og Kristina Helland saman med sju jenter frå Bømlo (sjå bilettekst nedanfor for namn). Etter kvart har det auka på med spelarar både frå Bømlo og Stord. I skrivande stund er 13–14 jenter disponibele for laget. I tillegg er Emma Bulie og Anders Kalleklev Voreland inne som trenarar ein dag i veka. Aud Jorunn Vedøy er også inne som ein del av teamet.

Laget trener to gonger i veka – mandag og onsdag. Laget spelar sesongen 2017/18 i 4. divisjon damer – har så langt delteke på tre seriehelgar, og vil og delta på siste seriehelg i april. Laget har prestert middels i gruppa – men har vist klar framgang etter nyttår. Dersom vi ikkje misser for mange jenter til sommaren, bør laget kunne hevda seg i toppen av serien neste sesong.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Stord J19/dame 4. div. Bak frå venstre: Erdi Hiabu Ibrahim, Kristina Helland, Hanne Vedøy, Karoline Blåsternes, Anja Bjørkheim. Foran frå venstre: Sina Hollund Ersland, Nora Håvik, Anne Wiranda Eitrheim, Anne Sofie Olsen. Foto: Aud Jorunn Vedøy

ARRANGEMENT

Kverner HobbyVolley vart arrangert 22. april (nr 34) og 4. november (nr 35) 2017. Vårtturneringa trakk 39 lag, haustturneringa 34 lag. Dette er god deltaking, og gir god økonomi til gruppa. Det er stort sett dei same arrangementsfolka som held turneringa i gang, med dame- og herrelaget som ansvarlege for sekretariat, dømming og rigging av hall.

Yngre serierunde vart arrangert 7.-8. januar 2017, med U15 på laurdagen og jenter U19 på søndagen. Stord stilte med to jenter U15-lag i denne serierunden. Jentene spelte seg fram til finalespel i 3. divisjon, etter at begge laga vann alle sine gruppekamper.



Stord stilte med to jenter U15-lag i serierunden på heimebane. Bak frå venstre: Juste Ivanauskaitė, Selma Rimmereid Aanderaa, Nanett Halwe, Lovise Nordtveit, Maria Handeland, Eline Holsen Handeland, Jannicke Kristin Melkevik Føyen, Marie Aadland Djuve. Foran frå venstre: Maria Remine Theisen Kristensen, Margrete Mosaker, Ingrid Synnøve Ladehaug, Malene Sørli



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

TRENARFORUM

Stord Volleyball har denne sesongen hatt ekstra fokus på å byggje opp erfarings- og læringsmiljø blant trenarar i klubben. Det er mellom anna etablert eit eige trenarforum. Hausten 2017 vart det gjennomført tre ulike møte, der eitt av dei var konkret retta mot skadeførebyggande trening, med Jörg Halwe som føredragshaldar. Forumet er og etablert og kommuniserer gjennom eiga facebookgruppe.



Jörg Halwe underviser i skadeførebyggande trening i volleyball, 3. oktober 2017.

TRENARKURS

23. september vart det arrangert minitrenarkurs på Langeland skule med 10 deltagarar frå volleyballgruppa. Kurshaldar var Eilev Nyland.



Minitrenarkurs med langnett. Eilev Nyland viser baggerslag.

13.-14. mai deltok Endre Bjørn Ladehaug og Kjetil Djuve på Trenar 1-kurs på Sotra.

MØTEROMMET I GAMLEHALLEN

Gruppa er for alvor i gang med å etablere møterommet i Gamlehallen med ulike aktivitetar. Fleire møte relatert til trening og sosiale treff er gjennomført der. Atheno sponsa stor TV med tilhøyrande utstyr, tavler mm. Multiconsult har sponsa to låsbare skåp. Det står att å innreirommet ferdig, men potensialet for gruppa er stort i tida framover.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



SANDVOLLEYBALL

RM i Strandvik, 10. og 11. juni - gode resultat i open klasse, U15 og U19

Stordspelarane Nanett Halwe og Ingrid Ladehaug tok sølv i U15-klassen 10. juni. Ivar Utbjoe Andersland makker Eirik Åsmul tok sølv i open klasse.

11. juni var Stord representert i regionmeisterskapet for U19 ved Ivar Utbjoe Andersland. Med makker Eirik Åsmul frå Eikelandsosen tok dei gull med 2-1 i ein velspelt finale mot Johannes Helland-Hansen/Martin Sundvor.

Strandvik Open - 30. juni-4. juli

Ingrid Ladehaug og Nanett Halwe deltok frå Stord.

NM U19 i Kristiansand 1.-3. august 2017

Ivar Utbjoe Andersland (Stord) og makker Eirik Åsmul (Eikelandsosen) deltok i U19-klassen under NM i sandvolleyball i Kristiansand. Gutane klarte til slutt bronsemedalje, etter å ha tapt knepent semifinalen 1-2 (18-21, 21-18, 14-16) mot Mosvold/Kleivane. Resultat i bronsefinalen var 2-1 (16-25, 22-20, 15-11) mot Mydland/Riisland. I alt 35 lag deltok.



Ivar Utbjoe Andersland og Eirik Åsmul (Eikelandsosen) i bronsefinalespel og med NM-bronse i U19.

HEIDERSMERKE

Volleyballgruppa vart tildelt tre bronsemerke og eitt sølvmerke på årsmøtet til Stord IL 30. mars 2017. Følgjande representantar fekk tildelt sine heidersmerke:

- Endre Bjørn Ladehaug (bronse)
- Turid Verdal (bronse)
- Per Øystein Kannelønning (bronse)
- Svein Andersland (sølv)



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



Frå venstre: Per Øystein Kannelønning, Svein Andersland, Turid Verdal, Endre Bjørn Ladehaug

ØKONOMI

Volleyballgruppa har hatt eit godt økonomisk år i 2017, og har likvide midlar til å utbetale kostnader gjennom året. Drifta og budsjettet har vaksse dei siste åra, og ein satsar på å dekke kostnader gjennom sponsoring, treningsavgift og sportslege arrangement. I året 2017 har ein gjennomført fleire gode arrangement og motteke sponsormidlar. Utgiftene er knytt til kampavvikling, trenarhonorar, kostnader til hovudlaget, utstyr, halleige og andre utgifter som omfattar annonser, interne arrangement med meir. Økonomien i gruppa er god med reservar til bruk om det må gjerast investeringar, eller auka behov til drift utover det som ligg i budsjettet. Syner elles til rekneskap for 2017.

Gruppa har generelt ein sunn økonomi og fornuftig pengebruk. Inntektene kjem frå arrangement, treningsavgift og støtte/sponsor/dugnad. Den siste posten inkluderer sponsorstøtte fra Kværner, Sparebanken Vest og støtte for gjennomføring av arrangement frå Hordaland Volleyballregion.

Stord, 1. mars 2018

Svein Andersland
Leiar

Line K. Halwe

Kjetil Djuve

Bashkim Misini

Turid Tvedt Gjellestad

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING IDRETTSMERKE



ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2017

Utvalet har hatt 2 møter med planlegging av dagar og der tider for prøvane vart bestemt.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltagarane har kunne avgjort prøvane.

43 har tatt Idrettsmerke i år. Nedgang fra ifor. Så vi anmoder om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Og det er øvelsar for alle

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Merka vart delt ut på den årlige tilstellinga me har i Idrettstova.

Desse har vore i utvalet i 2017: Gisle Tjong, Per Lunde, Sigurd Riise, Nils Søvold, Johannes Belsvik og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk gjeng som er med her.

Kjekke å jobba saman med.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks



Årsmelding allianse- idrettslag



SIL ÅRSRAPPORT 2017
SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



STORD FOTBALL
1918 - 2018

ÅRSMELDING 2017

MARS 2018



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2017

Organisasjon og tilsette

Stord Fotball har i 2017 hatt det åttande året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9.desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiseraast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige særidrettslag i allianse med Stord IL.

Samla var det vore 56 lag i Stord Fotball i 2017, medrekna senior menn med to lag og damelaget. Dette er om lag like mange lag som i 2016.

Medlemsmassen til Stord Fotball har hatt ei negativ utvikling. Barnefotballen knytt til Hystad skule har tradisjonelt vore ein vesentleg del av Stord Fotball sitt aktivitets- og medlemsområde. Dei siste åra har imidlertid nærleiken til gode baneanlegg i Nordbygda, og manglende prioritering frå Stord kommune når det gjeld nytt baneanlegg på Hystad, medført at store deler av medlemmane har skifta klubb. Det var registrert Ca. 500 medlemmer i 2017. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 110 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2017. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillinger mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Espen Haugland har hatt ei viktig rolle i drifta av Akademiet. Helge Røksund har vore trenar for dei eldste gutane og Talenskulen. Han slutta i Stord Fotball 01.07.17. Stord Fotball takker Helge for god jobb, stor fotballfagleg kunnskap og utviklande samarbeid.

Frå 01.01.2017 vart Jon Pall Pallmason tilsett som hovudtrenar for senior herrer med delansvar for Akademiet og Talenskulen.

Visjon og målsetting

Vår visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ambisjonar om å være ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune kor identitet, inkludering, nærleik, kvalitet og utvikling skal vere førande for vår aktivitet.

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ønskjer å spela fotball, og medverke til at barn og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



I barnefotballen ønskjer me å gi barna ei positiv oppleving av meistring saman med vener i eit trygt og kjent miljø. For ungdomsfotballen ønskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål om at fotballen vil vere ein arena kor både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lag spel og individuell utvikling kor god helse og fysiske ferdigheter i sunn konkurranse med jammnaldrande er bærekrafta.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trene meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmar. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i ”Talentskulen”, ”Jenteløftet” og ”Teknikkskulen”, samt ”Akademiet” (Fotball SFO) for dei yngste, ønskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Stord Fotball har i 2016 og 2017 lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljige fotballspelarar i regionen.

Senior damer

Damelaget spelte i 2017 i 3. divisjon, etter at laget rykka opp frå 4. divisjon i 2016. Som nyopprykka ungt lag var målsettinga å utvikla laget til å bli eit stabilt godt 3. divisjons lag, som på det beste skulle hevda seg mot topplaga. Første delmål for sesongen var at me skulle nå 25 poeng ved sesongslutt. Dette målet ville me prøva å nå så snart som mulig, slik at me kunne setta oss nye mål.

Me fekk trent godt gjennom vinteren, og laget sine prestasjonar i treningskampane tilsa at me skulle bita godt i frå oss i 3. divisjon.

Rett før seriestart vant me 2-1 mot 2. divisjonslaget Haugar. Haugar enda på 4 plass i 2. divisjon 2017.

Laget starta serien med søndagskamp borte mot Djerv. Me reiste til Bergen på morgonen dagen i forvegen. Her fekk me oss ei trening på Nymarksbanen, etterfølgt av shopping og middag på kvelden. Søndag var det frokost, spelarmøte og opplading til kamp. Oppladinga var perfekt og kampen enda med 5-0 siger. Søndagen deretter følgde me opp med ny siger, 6-0 heima mot Fyllingsdalen 2. Me vant og dei fire neste kampane. Etter seks kampar leia me serien med full pott og 27-2 i målforskjell. Sigersrekka blei deretter brytt med 3-3 borte mot Åsane 2. Prestasjonane til laget var stabilt gode, og målsettinga på 25 poeng blei nådd allereie etter halvspelt sesong.

Med tabell-leiing etter halvspelt sesong kunne me bli freista til å setta ny målsetting om opprykk. Eit mykje meir rutinert Voss lag pusta oss i nakken, og me visste at me ville mista alle våre tre midtstopparar og mest rutinerte spelarar før me var kome til midten av september. Tiril og Gunhild reiste til Mallorca toppfotball og Marie skulle operera ei skulder. Ny målsetting blei satt. Me hadde som mål å bli topp to og gi Voss damene kamp om opprykket så lenge som mulig. I tredje siste kamp skulle me møta Voss. Ein kamp kor Voss ville sikra opprykket med siger. Dette var me sjølv sagt ikkje interessert i.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Voss kom til Vikahaugane med 8 spelarar som berre to år tidlegare hadde spela førstedivisjonsfotball for Voss. Ungjentene våre kjempa godt og kampen enda med 0-0 og poengdeling. Kampen etter sigra Voss i sin kamp, og me spela uavgjort. Dermed sikra Voss opprykket til 2. divisjon.

Damelaget sikra seg 2. plass i serien med 48 poeng etter 15 sigrar, 3 uavgjort og 4 tap, og 80-20 i målforskjell. Voss enda på 54 poeng og 75-11 i målforskjell.

Me fekk toppscoraren i divisjonen med Sanne B.D. Lekven, som toppa lista med 19 mål.

Øyvind Mellemstrand har vore hovudtrenar. Hjelpetrenarar har vore Håkon Vestbøstad og Atle Ersland. Stig Johnny Leitet har vore oppmann / lagleiar, og Åse Eide har vore kasserar.

Senior menn

Etter at nedrykket til 3. divisjon var eit faktum hausten 2016, starta jakta på nye trenarkrefter for A-laget til Stord. Etter intervju og referansesjekk signerte Stord kontrakt med Jon Pall Pallmason. Han kom frå Klepp sitt damelag i den øvste divisjon i Norge.

Jon fikk med seg Jon Andre Røyrane som hjelpetrenar.

Etter nedrykket i 2016, valgte mange spelarar å gi seg i klubben. Dette gjorde at Stord i stor grad måtte basere A-stallen på spillere fra eigen klubb og juniorlaget .

Laget deltok i Hordaland fotballkrets sin vinterserie. Etter ein tøff start heime mot Trott som enda med 2-0 siger tok laget seg til slutt til finalen. Stord vant 5-0 i finalen mot Åsane 2 på Varden i Fyllingsdalen.

Laget reiste til Danmark på treningsleir før påske. Utbytte av turen var bra, både sportsleg og sosialt. Det var viktig for laget å etablere eit godt samhald før sesongen starta.

Stord var direkte kvalifisert til 1. runde i NM og møtte tøff motstand i Lysekloster. Kampen på Vikahaugane enda i 0-1 seier til gjestene.

Laget starta sesongen borte mot ein av de største favorittane til opprykk, nemlig Brattvåg. Etter 90 heroiske minutt enda kampen 0-0, og Stord hadde fått en god start på sesongen. Deretter var det klart for 2 heimekamper, først mot Os som enda 2-5 og deretter mot Lysekloster som enda 2-4. Først i neste heimekamp mot Førde løsna det skikkeleg. Stord vant kampen 6-3, etter å ha lagt under 3-1 til pause. I resten av vårsesongen ble det varierande resultat, men Stord hadde såpass med poeng at dei fleste trodde at laget skulle berge plassen i divisjonen.

Etter vårsesongen drog Einar Iversen til proffspill i Everton og toppscorer Roger Ekeland ble henta til Sandnes Ulf i Addeco ligaen. Inn på laget kom Petter Hilton og litt seinere Viktor Segatta fra Island. Begge viste seg å bli viktige nøkkelspelarar for Stord i haustsesongen. Utover hausten viste det seg at sesongen kom til å bli ein kamp for å overleve i divisjonen. Laget var direkte uheldig på slutten av fleire kampar og tapte både 2 og 3 poeng på overtid. Dette gjorde at laget låg på direkte nedrykk fire serierundar før slutt.

Seier 3-1 mot Varegg, tap 0-5 borte mot Sotra og seier 3-1 i siste heimekamp mot Brann, gjorde at det framleis var håp før siste bortekamp mot Haugesund 2. Etter ein tøff batalje stod det 3-1 til Stord fem minutt før slutt. Då kom meldinga fra Os om at Brattvåg hadde tatt

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



leiinga 0-1 mot Os, og Stord trengte dermed to mål for å gå forbi Os på bedre målforskjell. Då Viktor Segatta scora 4-1 målet til Stord i det 88. minutt, vart det skikkeleg nervar på sidelinja. Tidlegare Stord keeper Børre Hermanson varta opp med den eine kjemperedninga etter den andre. Stord var nesten i ferd med å gi opp, då Kristoffer Kleven fem minutt på overtid kommer aleine med Herman og scora. Mirakelet ingen trudde kunne skje hadde skjedd. Når meldinga kom frå Os om at kampen enda med seier til Brattvåg braut jubelen laus på Gymnasbanen i Haugesund. Laget hadde klart å halde plassen i 3 divisjon.

Trenrarar, spelarar og støtteapparat rundt A-laget har gjort ein formidabel jobb også i 2017. Ikkje minst har oppmannsapparatet gjort en kjempejobb med tanke på tilrettelegging for trenrarar og spelarar både til kamp og trening. God oppfølging frå Sindre Askeland og Henrik Vervik har bidratt til relativt få alvorlege / langvarige skader.

Årets Spelar for Stord i 2017 blei Jakob Hjellestad Iversen
Årets Toppscorar Roger Ekeland

Stord Fotball sitt 2. lag gjorde en bra sesong i 5 divisjon, og endte til slutt på en 2. plass. Laget har gitt verdifull kamptrening og speletid for spelarar som ikkje er faste på A-laget.

Barne- og ungdomsfotballen

Barnefotballen

Barnefotballen er delt inn i lillejente og lillegutt (11 og 12 år), og miniputt (7-10 år). Lillejente og lillegutt spiller 7'er fotball, medan miniputtene spiller 5'er fotball. Alt i alt var det 38 påmeldte lag i året som gikk. Ein liten auke frå 2016, som skuldast innføring av 3ar fotball. Det er starta både jente- og guttelag på Leirvik skule og Langeland skule. Rekruttering av nye spelarar og organisering av barnefotballen er ein kontinuerlig prosess kor Kjersti Høgås Klingsheim er kontakt for rekruttering av nye medlemmar.

Stord Fotball jobbar aktivt for at samarbeidet mellom laga internt i klubben funger godt på tvers av klasser og årstrinn.

Barnefotball i Stord Fotball er delt inn i skulekrinsane Langeland, Leirvik og Hystad. Vi ser at Hystad skule på grunn av geografisk plassering nå kretsar til Trott og banen på Prestegardsskogen. I 2015 mista Stord Fotball sine siste lag på Hystad skole, da eit 2007 og eit 2003 lag tok overgang til Trott fra 01.01.16

Stord Fotball har i 2017 hatt fokus på oppfølging av dei yngste laga, og har mellom anna gitt tilbod til nye trenrarar og lagleiarar om lagleiarkurs i UEFA C-lisens, no kalla «Grasrottrenaren».

Stord Fotball ønskjer å ha eit godt sportsleg og pedagogisk tilbod til barn gjennom trening leia av gode trenrarar. Treningane skal ha fokus på leik og moro kor alle er inkludert, og opplever meistring og utvikling.

Morten Tislevoll har i 2017 vore trenarvegleiar for gruppene i barnefotballen.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

I forkant av 2017 sesongen vart det bestemt at NFF Hordaland skal delta i eit pilotprosjekt som påvirker barnefotballen frå 2017 sesongen. Spilleforma er slik:

- 6-7år : 3 ar fotball
- 8-9år : 5 ar fotball
- 10-11år : 7 ar fotball
- 12år : 9 ar fotball

Tilbakemeldingane frå trenarane er at 3 ar fotball er eit godt tilpassa kamptilbod for dei minste.

Ungdomsfotballen - jenter og gutter 13-19 år

Stord Fotball har markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga i sesongen 2017.

Jentene 13 – 19 år

Jentefotballen i Stord fortsetter sin positive trend der gode treningar står i høgsete. Stord Fotball har no fått mange gode trenrarar og lagleiarar til å utøve godt og klokt leiarskap. Samarbeidet mellom laga er og blitt mykje betre.

Den store bragda i 2017 var Stord sitt J16 lag som kom heilt til semifinalen i NM. Me har og hatt enkeltutøvarar som og har gjort det svært bra denne sesongen. Ida H. Neset og Sanne B. Dale Lekven er døme på slike gode uttøvarar.

Jenter 13 år

Stord sine jenter 13 år fekk sitt desiderte høgdepunkt for året i Sør Cup der laget tok heim cupsiger og stor pokal. 1-0 og siger i finalen mot Bønes toppa ei fantastisk veke for gjengen som vart trent av Bjarte Litlabø, Elisabeth Sætrevik og Atle Heggøy.

I serien stilte 13 åringane med to lag. Eitt lag i Hordaland og eitt i Rogaland i vårsesongen.

I 1. divisjon i Hordaland fekk laget ein god vårsesong der dei hamna midt på tabellen.

Haustdelen spelte laget i ei meir spissa pulje og møtte mange gode lag og fekk knallgod matching. Laget viste periodevis at dei heng med også mot dei beste. 6. plass av dei 7 laga var fasit til slutt. For gjengen som stilte i Rogaland-serien i vår (8. plass av ni lag) vart det ei meir lokal Sunnhordlandspulje i haust. Mange jamne kampar her endte med 4. plass av fem lag.

Jenter 14 år

Denne gjengen vart gjennom sesongen leia av Børre Pedersen som trenar med god støtte frå mange andre som til dømes Dagfinn Hillestad, Atle Heggøy og Robin Øvrevik i periodar. Laget leverte gode resultat i vårsesongen og kom då på 2. plass i ei rogalandspulje som hadde Haugar som det klart beste laget av totalt 6 lag. All grunn til å vera nøgd med ei slik plassering. Haustsesongen enda med 5. plass mot om lag same motstand som i vårsesongen. Også i haustsesongen var laga bak Haugar svært jamne. For Stord var det berre 6 poeng opp til 2. plassen på tabellen.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Sommarturneringa for J14 var Dana Cup i Hjørring. Der leverte jentene framifrå prestasjonar i puljespelet, og nådde målsetnaden om a-sluttspel. I første sluttspelkamp (1/16 delsfinales) vippa spelet lenge fram og tilbake før det vart tap mot Flint med 0-1.

Jenter 15 år

Svein Ove Eikenes og Kjell Petter Neset var hovudtrenarar for jenter 15. Med seg har dei hatt Tommy Holm og Nils A. Nilsen. Laget presterte særskilt gode prestasjonar gjennom heile året. Det starta med siger i Lerøy Cup i Bergen like før sesongstart. Der stilte samleie bergenslag frå 1. divisjon jenter 15.

I seriespelet imponerte laget med å vinne vårpulja i 1. divisjon. 8 kampar endte med 7 sigrar og 1 uavgjort kamp! Laget vart dermed favoritt i mange sine auge i høve til å vinne KM i haustpulja, men marginane gjekk ikkje heilt vegen. Laget endte på 3. plass av totalt 10 lag. Det var berre 3 poeng opp til KM-vinnar Askøy. Fyllingsdalen tok 2. plass.

Laget deltok på to sommarturneringar. Det var gjevt å bli invitert til eliteturneringa Stabæk jenter elite Cup der ein fekk spele mot mange av dei beste laga i Noreg i denne årsklassen. Stordjentene beit godt frå seg på Nadderud og fekk til slutt ein 5. plass av 8 lag. Stord var særskilt næra semifinalen i siste kamp der Stabæk måtte slås. Kampen endte 1-1 og dermed plasseringskamp om 5. plassen mot Innstranden som Stord vant.

I juli var det klart for Dana Cup også for jenter 15-gjengen. Laget hadde ambisjonar om å nå langt, og laget avanserte oppskriftsmessig frå puljespelet. I 1/16 delsfinales blir det jamt og tett mot Langfjorden. Uavgjort gav straffesparkkonkurranse. Stordjentene med keeper Hanna Litlabø i spissen løyste nervedramaet perfekt og kunne sjå fram mot 1/8 delsfinales mot danske Dalum. Her blei det på nytt jamt og spanande, men langt ut i 2. omgang fekk danskane fullklaff på eit langskot. 0-1 for Stord og ei tung stund for stordjentene etterpå.

Sesongen vart avslutta med nok ein elitecup. Denne gong Bauge elitecup i Haugesund. Der stilte jentene opp ein årsklasse. Dei dugde meir enn godt nok mot eldre jenter og nådde semifinalen. Der vart det tap. Det same skjedde i bronsefinalen. 4. plass i cupen var likevel langt over det ein venta på førehand.

Jenter 16 år

Stord fotball sin største prestasjon denne sesongen var det J16 laget som stod for, der dei gjekk heilt fram til semifinalen i NM. Dette var ein særskilt sterkt prestasjon som heile Stord fotballen er stolt av. Framfor ca 800 tilskodarar vart motstandar Stabæk for gode, og dei vann 4-0. Før den tid hadde Stord blant andre slått ut Forus, Gausel (0-2) og Viking (3-2).

Foreldregruppa skal ha stor takk for at dei fekk til å lage både kvarfinalen og semifinalen til to flotte feststunder på Vikahaugane. Trenarar for NM laget var Øyvind Mellemstrand og Arve Havnerås. Stig-Johnny Leitet var oppmann for laget.

I serien har jentene vore fordelt på damelaget og J17 og J19 laget. I februar 2018 reiste heile J16 årgangen til London for å feire mange og gode prestasjonar over mange år.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Jenter 17 / Jenter 19

På vårparten hadde Stord eit lag i J17 serien i Bergen og eit J19 lag Rogalandsserien. Begge laga hadde gode prestasjonar i sine seriær. Stord J17 kom på 3. plass og Stord J19 kom på 2. plass.

På grunn av få spelarar i J19 gruppa, valte laga å slå seg saman på hausten. Dette resulterte i at treningskvaliteten og treningsgleda vart betre for alle partar. Det samansette laget enda på 2. plass i serien.

Laget henta og heim to pokalar i haust. Ein frå 2. plass i Lagunen Cup og ein frå 1. plass i Skjoldar cup.

Trenrarar for laga har vore Thomas Steensohn, Arve Havnerås, Sigve Hellesfjord, Jan Kenneth Henriksen. Hans Jakob Skard og Lars Klingsheim har vore lagleiarar.

Gutane 13 – 19 år

Stord Fotball G13

Stord G2004 er eit knippe kjekke og ivrige fotballspelarar frå Leirvik- og Langelandsområdet. Om lag 25 spelarar i talet. Denne gjengen har over fleire år synt mykje god innsats og framferd. Noko som også har gitt utslag i mange fine prestasjonar og resultat.

Når 2017 sesongen var tilbakelagt, synte oppstellinga at laget hadde hatt 123 fellestreninger. Dei aller fleste med godt oppmøte. I seriespelet var denne gruppa i 2017 meld på med eitt lag i 1. divisjon Rogaland (9'er fotball), og eit lag i 2. divisjon Sunnhordland (9'er fotball). Laga markerte seg fint i både divisjonane.

Stord G2004 deltok på fleire turneringar i 2017. Det vera seg Stord Fotball si innandørsturnering, Haugar sin vintercup i Haugarhallen, Sør Cup og Haugesund Sparebank Cup. I alle turneringane har spelarane vore gode representantar for laget og klubben. Laget kom ikkje heim med nokon pokalarar, men me var ved mange høver vitne til gode prestasjonar. I tillegg håpar og trur me at det vart skapt mange gode minner for spelarane.

I apparatet kring dette laget finn ein Johnny Raunholm (trenar og lagleiar), Einar B. Valland (trenar og lagleiar), Karin Toft (oppkvinne) og Norbert Sandela (keepertrenar).

Stord Fotball G14

2003-gjengen var 19 spelarar ved oppkjøring til første sesong med 11-ar fotball. Gruppa trente tre gonger i veka fram til seriestart, og to gonger samt kamp i sesongen. Spelarstallen var noko ujamn i forhold til dugleik og interesse. Laget har lagt vekt på det sosiale framfor disiplin, noko som har ført til at spelarane til tider ikkje er konsentrerte nok til å få maksimalt utbytte av treningane.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Stord G14 har spelt i 2. divisjon Rogaland med tanke på nivå og kortare reiser. Til tross for bra resultat i treningskampane vart vårsesongen svært tøff resultatmessig. Ein del av kampane er spelemessig jamne i starten, men det blir særskilt vanskeleg å motivere gjengen når baklengsmåla og tapa blir mange. Spelarane skal ha ros for å ha fin tone internt og vilje til å jobbe vidare.

Høgdepunktet i sesongen var deltaking i Dana cup. Spelarane oppførte seg eksemplarisk og storkoste seg til tross for 3 tap i gruppespillet mot sterkt motstand. Trenar skiftar taktikk frå ein spelande stil, til mer direkte spill i håp om at positive resultat kan påvirke sjølvtilletten i gruppa. Kampen mot Duren-Niederau kor me tapte 0-2 var spelemessig særskilt oppløftande, og gav heile gruppa ny giv med tanke på haustsesongen.

Etter Dana cup slutta 4 spelarar, noko som førte til meir hospitering fra G13 laget i kamp og trening. Treningsoppmøtet og konsentrasjon var noko betre i haustsesongen, og resultata i alle kampane betre i forhold til vårsesongen. 8-2 siger heime mot Kopervik 2, 3-3 mot Haugar 2 og 3-2 leiing til pause over serievinnar Skjoldar/Vats/Vikebygd i dei tre siste kampane i sesongen vitner om positive tendensar. Sesongen vart avslutta med fin innsats i Sparebanken1 cup i Haugesund, der laget tapte B-finalen mot Forus & Gausel. Laget spilte mellom anna 0-0 mot Djerv 1919 i gruppespillet i cupen. Hovedtrener for laget var Svein G. Vik, I tillegg var Bernt R. Mehammer (trener), Ivar Molvik (trener) og Vidar Aspen (lagleiar) med i støtteapparatet rundt laget.

Stord Fotball G15

Laget ser tilbake på ein god sesong med sportsleg framgang og mange høgdepunkter. I stort kan me seie at desse kjekke gutane gjennom fleire år har vist for seg sjølv og andre at målretta og godt arbeid på feltet lønar seg. Gutane har år etter år tatt steg og vist at dei kan spele jamt med og slå mange av dei beste laga.

Spelargruppa er stabil på rundt 22 gutter, og frammøte til trening har vore jamt og godt gjennom heile sesongen. Laget har trena fire gonger i veka gjennom heile året på Vikahaugane. I tillegg er fleire av gutane med på klubben sin talentskule. Mange er og flinke med eigentrening.

Som tidlegare har ein og i 2017 hatt to lag i seriespel. Førstelaget har vore med i 1. divisjon Hordaland og med god jobbing klarte laget å halde plassen i divisjonen etter vårsesongen. På hausten viste laget ny stigning og enda som nummer 5 i ein sterkt 1. divisjonspulje. Det er ein veldig god prestasjon. Uavgjort mot krinsmeister Gneist på bortebane er godkjent og vel så det. G15-2 har delteke i 2. divisjon Nord-Rogaland og viste mykje fin fotball, og kjempa lenge om sigeren i pulja. Laget enda til slutt som nummer fire. Også i år har ein fått til ein god flyt mellom laga. Det er ein styrke.

På turneringsfronten har laget delteke i Varegg sin vårcup i Bergen, og i haust blei det Regy-cup i Haugesund. I sommar var det Dana cup med eitt lag og ein gjekk vidare til A-sluttspel, etter mellom anna å ha slått All Stars Mexico.

Laget har hatt spelarar på sone- og kretssamlingar og inn mot FKH-team. I tillegg har nokre spelarar fått høve til å hospitere med G16.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Hovudtrenar for gruppa er Atle Nilsen. Han har hatt med seg Svein Ove Eikenes, Atle Heggøy og Per Martin Furevik. Dyktige lagleiarar har vore Aina Jørgensen, Kjersti Klingsheim Høgås og Monica Dagsland.

Stord Fotball G16

2001 årgangen i Stord Fotball har dette året vore splitta i trening. Ein god del har trent og spelt kampar med juniorane, medan resten har hatt tilhald saman med G15. Støtteapparatet rundt G15 gjorde ein flott innsats for å inkludere desse gutane i gruppa.

Laget vart påmeldt i 1. divisjon Rogaland og hevda seg bra. Dei spelte 8 kampar i vårsesongen og tapte 3 av desse. Jan Erik Stenberg gjorde ein god innsats som kampleiar.

Til sommaren måtte Stord Fotball diverre trekke dette laget frå seriespelet. Årsaka var mellom anna at mange av juniorane var flytta opp på a-laget og at det var mange gutter som måtte spele både G16 og junior kampar kvar veke. Det blei for stor belastning. I løpet av sesongen blei mange av 2001 modellane flytta opp på junior 1 og 2.

Stord Fotball G19

Junior 1 har som vanleg vore ung og ein miks mellom gutter frå årskulla 1999, 2000 og 2001. Dei spelte vårsesongen i 1. divisjon. Dei fekk ein tøff start på sesongen med berre 1 mål etter 4 spelte kampar. Spillet satt betre etterkvar, og etter ein sterk avslutning på vårsesongen blei det ein 6. plass av 12 lag.

I sommarferien deltok laget i Gothia Cup – verdas største og mest internasjonale fotballturnering - i 18 årsklassen. Laget var det einaste lokale laget som var representert. For mange av gutane var det tredje året på rad i Gothia Cup. Dei leverte sterke resultat i pulja med seier 4-0 mot Hisingsbacka FC (SVE), seier 3-1 mot United Soccer Club (USA) og seier 3-0 mot FC Rhenania Immendorf (TYS).

Seier i alle 3 gruppespelskampane og 10-1 i målorskilnad er sterkt i ei turnering som Gothia Cup. Det var bare 5 av dei totalt 125 laga i klassen som hadde betre resultat i gruppespellet. Med dette gjekk laget sjølv sagt til a-sluttspellet, og gutane håpte å kopiere kvartfinaleplassen frå 2015. Det gjekk ikkje heilt slik. Laget vant 1/32 finale mot Brynas (SVE) 2-1, men tapte diverre 0-3 mot eit godt og fysisk Ordin FC 1 (BRA) i 1/16 finalen.

Haustdelen av sesongen i 1. divisjon starta bra med tre seire på rad. I dei neste 8 kampane blei det berre ein seier, og laget enda på ein skuffande 10. plass av 12 lag. Med dette resultatet fekk laget den siste sikre plassen, og berga plassen i øvste divisjon i Hordaland blant anna etter ein overbevisande 16-2 seier mot Sædalens i ein av dei siste rundane.

I løpet av året er det mange juniorspelarar som har teke store steg. Dei varierande resultata skuldast nok også at det er heile 12-13 spelarar som held junioralder, men som har vært meir eller mindre knytt opp mot a-laget i løpet av sesongen.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Trenar Helge Røksund har hatt ansvar for mange av desse spelarane i dei 2 ½ åra han var i Stord Fotball. Helge har gjort ein solid innsats som blei avslutta til sommaren med Gothia Cup. Juniorane er så heldige at Robin Øvrevik har teke over laget frå og med haustsesongen, og han vil helde fram i sesongen 2018. I tillegg har Ivar-André Vedå, som vanleg, gjort ein fantastisk innsats som lagleiar saman med Trond Eirik Samdal Nielsen.

Tilbodet for junior 2 vart gjennomført for andre året på rad. Trenar Jan Morten Haukefær gav her eit «lågterskeltilbod» for dei som berre ville drive med fotball eit par gonger pr veke. Målet var å tilby ei trening samt kamp. Håpet var at eit slikt tilbod ville bringe tilbake spelarar som i utgangspunktet hadde slutta med fotball. Ideen slo til og oppmøtet varierte frå 5-6 til over 20 guitar, og laget deltok i kretsserien 3. divisjon i Rogaland i 2017. Sesongen vart gjennomført med stor entusiasme og mange fine kamper. Laget havna litt under midten på tabellen. Kjetil Skulstad har også vore med og gjort en flott innsats for at vi skal kunne ha eit slikt tilbod.

Talentutvikling 2017

Medlemmar i klubben har moglegheit til å prøva seg på Apply Leirvik Talentskule, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Teknikkskulen og Akademiet vart starta i 2014. Apply Leirvik Talentskule er eit tilbod for guitar (4. -10. klasse) og jenter (5. -10. klasse), Jenteløftet er eit treningstilbod for jenter (2. - 5. klasse), Teknikkskulen er eit ekstratilbod for guitar (4. og 5. klasse), medan Akademiet er ei SFO-ordning for guitar og jenter (1. – 4. klasse). Føresetnaden, som er satt for å driva eit slikt arbeid, er at dette skal være eit tilbod som kjem i tillegg til det ordinære fotballtilbodet som alle har gjennom sine eigne lag og at det ikkje skal gå på bekostning av breiddetilbodet.

Apply Leirvik Talentskule har no vore i drift i 10 år. Erfaringa så langt er at dette har vore vellykka med fleire krins-, sone-, og landslagsspelarar i klubben enn me har hatt på mange år. Dette skuldast vel så mykje godt arbeid i eigne lag. Styret trur det er samspelet mellom talentskulen og lagsarbeidet som er nøkkelen til suksessen. Apply Leirvik Talentskule hadde på hausten 2017 103 deltakarar. Det vart i løpet av hausten 2017 oppretta ei eiga jentegruppe som trenar i lag ein gong i veka. Det var totalt 21 jenter i denne gruppa ved utgongen av 2017.

Jenteløftet hadde ved utgangen av 2017 20 elevar, dette er nesten ei dobling frå 2016. Tilbodet er godt likt av dei som har delteke sidan starten, og den sportslege utviklinga til elevane har vore god. Jentene vart i 2017 trena av Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane.

Teknikkskulen vart starta opp i september 2014, og er eit populært tilbod med god oppslutning. Det har vore mellom 23 -26 betalande deltakarar i 2017. Den sportslege utviklinga i 2017 har og vore god. Fleire av deltakarane har etter kvart blitt flytta «opp» til Talentskulen. Gutane vart i 2017 trena av Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane

Akademiet kom i gang i februar 2014.

Ved skulestart hausten 2017 endra me frå å tilby valfri enkeltdagar til 3 «låste» dagar eller 5 dagar. Dette for å kunne gjennomføre aktivitet i samband med dei andre prosjekta me driv på best mogleg måte for deltakarane og dei tilsette.

Talet på elevar varierer gjennom året. I desember 2017 var det 27 elevar som gjekk på Akademiet, fordelt på 5 dager i veka og 3 dagar i veka. Aktivitetane på Akademiet har



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

hovudsak vore leia av Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik, med Espen Haugland som ein viktig medhjelpar.

Akademiet jobbar kontinuerleg med opptak av nye elevar. Gjennom god kvalitet, varierte aktivitetar og engasjerte vagleiarar er interessa for Stord Fotball sitt SFO - tilbod aukande.

Anlegg

Garderobebygg og klubbhus

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i eigne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobebeanlegga og klubbhus vert gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemedidlar. Bygga har allereie vist seg å være ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane er satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Det er eit mål at siste del av prosjektet på Vikahaugane vert fullført i første kvartal 2018.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderobe – og klubbhusanlegga, og ventar ei avklaring i løpet av 1. halvår 2018.

Baneanlegg

Banekapasiteten til Stord Fotball er tilfredstillande med unnatak av Hystad området. Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein oversiktleg og rasjonell måte.

Oppgradering av Hystad banen vart tatt ut av Stord kommune sitt budsjettet for 2015, men var i langtidsbudsjettet utsett til 2018, og ytterlegare utsett i budsjettprosessane hausten 2016 og 2017. Manglande oppgradering av banen avgrensar fotballaktiviteten på Hystad, og utøvarane som tidlegare var knytt til Stord Fotball har gradvis sokna meir og meir til Prestegårdskogen og Trott.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane er den mest brukte banen i kommunen. Kunstgrasert vart lagt i 2003. Stord Fotball søkte i 2014 om tippeidlar for utskifting av kunstgraset, og har vore i nær dialog med Stord kommune både administrativt og politiske for å få gjennomført rehabiliteringsarbeidet. Oppgradering av banen vart fullfinansiert i Stord kommune sitt budsjett for 2016. Anleggsarbeidet med utskifting av kunstgraset, nytt lysanlegg og nytt ballfangarnett rundt heile banen vart utført i fotballferien slik at Stord Fotball til «Puttefestivalen 2016» hadde ein heilt «ny» kunstgrasbane på Vikahaugane. Stord Fotball takkar Stord kommune for eit målretta og konstruktivt samarbeid i realisering av prosjektet. Kunstgrasbanen på Vikahaugane står no fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2017 til tross for mykje nedbør. A-laget spelte sine heimekampar på Stadion. Stord kommune skal rehabilitera grasbanen i 2018 / 2019. Stord Fotball sitt A-lag vil derfor spille sine heimekampar på kunstgrasbanen i 2018.

Styret meiner at 2017 har vore eit positivt år for anleggsida til Stord Fotball, sjølv om me har tatt på oss store og langsiktige økonomiske pliktar.

Økonomi

Rekneskap 2017 og budsjett 2018

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12. 2017 syner eit driftsresultat med eit overskot på kr. 1 410 137. Ordinært resultat inklusive finanspostar viser eit overskot på kr. 1 247 316. Eigenkapitalen er auka frå kr. 235 pr. 31.12.2016 til kr. 1 247 552 pr. 31.12.2017.

Budsjett for 2017 var i balanse med ei inntekt på ca. 7,0 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2017 på ca. 8,0 mill. kr. Samla drifts- og kapitalkostnader var i 2017 ca. 6,7 mill kr. Resultat for 2017 er soleis eit positivt avvik på ca. kr 1 250 000 mellom budsjett og rekneskap. Årsaken til overskotet er mellom anna gavé frå Sunnhordland Toppfotball AS som har ettergitt ei fordring på kr. 450.000, og sal av spelarar som har gitt ei samla inntekt på ca. kr. 500 000.

Samla gjeld pr. 31.12.2017 er kr 4 981 921; lån i Sparebanken Vest kr. 3 981 921 og mellombels lån på kr. 1 000 000 hos ein av Stord Fotball sine sponsorar. Låna gjeld finansiering av garderobebeanlegga på Vikahaugane og Langeland, og Klubhus på Vikahaugane. Spelemidlane for garderobebeanlegga, 1,0 mill. kr. for kvar bygg, vart utbetalt frå Hordaland Fylkeskommune i juli 2017.

Avskrivingar og renter knytt til garderobebygga utgjer ca. kr 360 000. Styret har i 2017 arbeidet med refinansiering av låna knytt til garderobebygga utan å finne ei løysing. Styret arbeider vidare med mål om at Stord Fotball i løpet av 2018 har oppnådd ei gunstigare finansiering enn i 2017.

Styret viser til revidert rekneskap med noter.
Rekneskapet er i 2017 ført av Aktiva Økonomiservice AS
KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2017.

Styret legg fram eit budsjett for 2018 til årsmøte som balanserer med en inntekt på 7,0 mill. kr.

Dommarar

Dommarsituasjonen i Stord Fotball er i betring. Det er for tida 7 aktive dommarar i 9 er/ 11er fotball. 13 og 14 åringane vert pålagt å ta klubbdommarkurs, mellom anna for å dømme på Puttefestivalen og i seriespelet for 5 år og 7 år fotballen. Nytt av året er at også 13 åringane tar klubbdommarkurs. Dette primært grunna mindre årskull og fleire lag i Puttefestivalen.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Alle lag opp til og med 11 år vert tildelt ein fast dommar gjennom sesongen. Det er vanskeleg å få klubbdommarane til å gå vidare og ta rekrutteringsdommarkurs. Det må gjerast eit endå betre arbeid med rekruttering av dommarar i tida som kjem. Målet er å helde på dei som me har, men også prøve å få nokre av klubbdommarane til å fortsette i dommarmiljøet og gjennomføra rekrutteringsdommarkurs. Stord Fotball har no dommarkoordinator på plass, og klubben har ambisjonar om å få til eit godt og kjekt dommarmiljø.

Kurs og utdanning

Trenrarar i Stord Fotball får tilbod om kurs gjennom e-post og på heimesida til Stord Fotball. Det er også informert om kurs og mogleg vidareutdanning i trenarforum og lagleiarmøter. Me har hatt ei auke i deltagarar på kurs i 2017.

I løpet av hausten vart det gjennomført følgjande kurs:

Spillerutvikler B :

- 1 deltagar

Grasrottrenaren (tidlegare UEFA C-lisens) deler av kurset :

- 8 deltagarar

Stord Fotball har som målsetjing at flest mogleg av klubben sine trenrarar skal ha ein eller fleire deler av Grasrottrenaren (C-lisensen). Arbeidet med å tilby kurs vil vere tema på alle lagleiarmøter og trenarforum i 2018. Det er også ei målsetjing at fleire skal ta UEFA B-lisens i 2018.

Det vil også vere tilbod om Førstehjelpskurs for trenrarar og lagleiarar i 2018.

Klubbutvikling

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Stord Fotball har i 2015 og 2016 hatt økonomisk resultat som ikkje svarar til dei måla klubben har sett seg. Årsakene er samansett og varierer frå år til år. Stord Fotball har i 2017 hatt spesielt fokus på tiltak som betrar den økonomiske situasjonen i klubben, og sikrar ei berekraftig utvikling. Det økonomiske resultatet for 2017 er tilfredsstilande, og eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Spikerbua» med fotballstova som møteplass, samt ferdiggjering

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



av klubbhuset i andre etasje i garderobebygget våren 2018. Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjering om kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå. Styret vonar at ein i løpet av 2018 får fullført arbeidet med «Kvalitetsklubbprosjektet».

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Apply Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste,

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ønskjer eit opent og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportsleger utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2017, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette i Stord Fotball med innsatsen i 2017.

Me ser alle fram til ein spanande fotballsесong i 2018. Ein sesong kor Stord Fotball fyller 100 år. Stord Idrettslag vart stifta i 2014 med turn, friidrett og bryting som idrettsgreiner frå starten. Då Åsbanen vart bygd i 1916 og 1917 lå det til rette for oppstart med fotball frå 2018. I løpet av året vil me med jamne mellomrom markere 100 – års jubileet.

Stord 01.03.2018

Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar

Trond Eirik Nielsen
Nestleiar

Åge Ådland
Styremedlem

Kjersti Klingsheim Høgås
Styremedlem

Yngve Hjelmeland
Styremedlem

Atle Tungeland
Styremedlem

Holger Iversen
Varamedlem

Inge Skaar
Varamedlem



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2017 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Blant sportslege prestasjonar i sesongen så kan me nemna at me hadde NM deltaking av Bjarthe Westerheim og Kenneth Westerheim, dei stilte i NM ultralang i Samnanger og fekk fine plasseringar med 23. og 33. plass. Flott innsats også av Bjarthe i DM i Haugesund med gull i H21, Sveinung Rykkje med gull i H40 i KM ultralang og Edel Slettemark med bronse på sprinten i Veteranmeisterskapet på Rauland. Fleire resultat finn ein under avsnittet "Sportslege resultat".

I sesongen 2017 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	: Henrik Ottesen
Kasserar	: Nina Hagerup
Styremedlem rekruttering	: Sveinung Rykkje
Styremedlem kart	: Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	: Irinja Almås
Varamedlem	: Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	: Åge Hovden og Sveinung Rykkje
Materialforvaltar	: Kenneth Westerheim
Rankingførar	: Henrik Ottesen
Rekruttering:	: Sveinung Rykkje og Gunn Kjersti Røgenes
Turorientering	: Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	: Jarle Halland og Linda Rykkje
Valnemnd	: Jarle Halland, Tove Agdestein

Arrangement

Stord Orientering har avvikla følgjande løp i 2017-sesongen:

- Kretsløp: Kristtornløpet 1-2.april
- Lokalløp: 10 rankingløp, 5 sprintløp/nybyrjarkarusell, Sunnhordlandsmeisterskap stafett, romjulsløpet og nokre gate/nattløp på vinteren.
- I gjennomsnitt har det vore 38 deltakarar på rankingløpa. Det var flest deltakarar, 46 stk. på årets første løp, lågaste tal, 27 deltakarar, på sesongens siste løp. Det er diverse nedgang i tal på deltakarar dei siste 3 åra. På heile 2000-talet har gjennomsnittet vore på om lag 50-55 deltakarar unntake dei siste 3 åra.
- I sprintløp har det vore i gjennomsnitt 27 deltakarar. Dette er 10 færre enn i fjor.
- På verdens o-dag i mai blei det gjennomført ein arrangement på Nordbygdo ungdomsskole. Det var ca. 20 barn som deltok og sprang 1-3 små sløyfer.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2017 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Løp. nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56
2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38

Løypeoversikt for 2017 sesongen												Gj. Snitt
Lang	16	9	18	16	12	12	17	15	15	7		14
Kort	18	16	20	14	16	16	11	16	15	13		15
Kor.c	8	4	6	4	4	6	7	4	5	6		6
Nyb.	2	3	2	1	1	4	1	1	5	1		2
11-12 år	1	0	2	1	1	0	1	0	2	0		1
Tot.	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27		38

Sprintløp 2017	1.sprintløp	2. sprintløp	3.sprintløp	4.sprintløp	5.sprintløp	Gj.snitt
Sprint	29	22	20	20	20	
Nyb./under 12 år	13	5	4	1	3	
Total	42	29	24	21	23	27



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2017 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Ungdom og rekrutt

Trenings

O-skulen på Vikahaugane har hatt rundt 12 deltagarar. Aldersgruppa er mellom 8 og 16 år. Denne aktiviteten starta september 2012 og held på frå o-sesongen sluttar på hausten, til ny sesong startar opp i april. Her er det o-tekniske økter kvar gang. Gruppa deles ofte i to for utvikling på ulike nivå. Trenarar har vert Marit Grimstad, Ingrid Grimstad, Stian Rykkje, Sveinung Rykkje og Gunn-Kjersti Røgenes.

Vekeprogrammet haust-vår er: o-gubben på måndagar, gate/nattløp annakvar tysdag, o-skule på torsdagar ute og inne i gamlehallen, og annakvar veke o-tekniske laurdagstreningar. Me har hatt treningskalender med innlagt litt kos som frukt, bollar og julekaker på enkelte treningar.

Frå hausten har det desverre ikkje vært o-skule.

Rekruttering

Me heldt Nybyrjarkurs 30.mars på yrkesskulen, før sesongstart.

Samlingar og satsingsløp i henhold til tiltaksplan

2.april etter **Kristtornløpa** hadde me pizza-samling med Fitjar si o-gruppe på Fjellgardane grendahus. Det var rundt 20-25 personer totalt. Quiz og sosialt.

Bergen Sprintcamp 10.-12. februar, her var det tre ungdommar med. Detta har vore eit arrangement som har vore populært å delta på i aldersgruppa 12-16 år. I tilslutning til BSC var det 11. februar **Kretssamling** 13-20 år, her deltok Ivan Krutikov og Annie Myhre.

Me hadde **o-troll leir** på Lundarstølen 19.-20. mai saman med Fitjar IL. Det var 7 deltagarar frå oss.



Sommaravslutning 20. juni i Dagfinnsvikjo ifm 3. sprintløp/nybyrjarkarusell. Her var det godt frammøte til å være siste løp før ferien. Det var fleire nybyrjarar enn dei fire på resultatlista, ikkje alle blei registrert grunna me ikkje hadde brikker til utleige. Me hadde grilling av pølser og alle fekk brus etter målgang. Fint vær, nokre bada i sjøen.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2017 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

17.-18. juni. **Odda 2-dagars** pleier me delta på. I år fekk me ikkje til å laga rekruttsamling imf dette arrangementet.

10.-15.aug. **Hovedløp og O-landsleir** er «Årets høgdepunkt» for 14-16.åringar. I år var dette ved Beitostølen og det var ein deltakar, Annie Myhre i D16.

Turorientering

2017 vart nok eit rekord år for tur orientering på Stord! .Det vart seld 559 konvoluttar totalt for begge «travane» i år , fordelt på Storatraven 306 stk og Litlatraven 253 stk.

Dette er rekordsal for begge to og naturlegvis totalt.

Travane hadde totalt 90 postar å plukka , 30 stk i Litlatraven og 60 stk i Storatraven, postane var tilgjengelige i terrenget frå midten av mars til 31. august. Karta i år for Storatraven var Vatnadalen/Fjellstovo, Lundeåsen og Landåsen aust. For Litlatraven var det Landåsen og Ådlandsvatnet.

«Tur-o på nett» registrering er vorte populært og 236 personar nytta seg av dette i 2017

Totalt 77 personar tok alle postane i Storatraven, og 64 personar i Litlatraven.

Det var 39 personar som tok alle 90 postane.



Mange hadde registrert seg i postkassane for månadens post og kvar «månadens post» vinnar fekk gavekort på kr. 300,-. 227 personar hadde registrert seg ein eller fleire gonger på månadens post, av dei var det 25 stk som hadde vore på alle 5 månadens post. Vinnaren i år vart Wenke Åse som fekk gavekort på kr. 1000,-.

Storatraven vart avvikla for 46. gong og Litlatraven for 5. gong.

Statistikk tur orientering	år						
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297	306
Litalraven (2013)			150	185	175	210	253
Totalt begge	213	277	438	463	419	507	559
Personar delteke :							
Tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218	236
Alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73	77
Alle postar Litlatraven			42	44	55	60	64
Registrert månadens post (bok)			296	188	213	215	227



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2017 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Kart

O-kartet over Lundeåsen er ferdig. Kartet er synfart og teikna av Gunnar Gyti. I området Tveita-Grimsåsen har Åge Hovden lagt inn nye hogstfelt som er komme til, etter at Gunnar hadde gjort sitt arbeid.

Gunnar Gyti er også i gang med synfaring i Digernesmarka for bruk under Kristtornløpa 2018.

Åge og Råmund Løver Hovden har synfart og teikna kart i området Almåsskogen nord for Sagvågsvegen. Området er omlag 90 prosent ferdig synfart. Reknar med å få ferdig området til våren.

Sveinung Rykkje har arbeida vidare med gatekart i området Leirvik - Kårevik.

Økonomi

Økonomien i gruppa er god, me har også i år brukt av oppspart kapital til oppgradering av kart. Det var lagt inn i budsjettet å bruke 166 500,- av oppsparte midlar. Av dette vart det brukt 110 433,-. Det blei brukt 143 750,- på kartarbeid mot 70 000,- budsjettet, dette fordi me også starta oppdatering av Digernes kartet.

Av andre litt større avvik mellom budsjett og resultat kan nemnast:

-Kontoen 3441 andre tilskudd blei noko høgare, dette var på grunn av 15 000,- frå Sparebank stiftinga til innkjøp av utstyr til skulane.

-Det er også noko lavare reisekostnader enn budsjettet.

Når det gjeld utgifter med kart så har me søkt om nærmiljøkart midlar for karta Landåsen, Økland - Kyvik og Hatland - Digernes ved Digernes. Det er søkt om å få igjen 300 000,-.

Sportslege resultater

KM sprint Bergen/Varegg: H19 Sveinung Rykkje 9.plass, D19 Linda Rykkje 10.plass, H14 Ivan Krutikov 5.plass, D12 Tonje Rykkje 6.plass

KM mellom/ TIF Viking: H17 Kenneth Westerheim 11.plass, Sveinung Rykkje 22.plass, D17 Linda Rykkje 10.plass, H14 Jørgen Westerheim 3.plass, D12 Tonje Rykkje 2.plass

KM ultralang/TIF Viking: H40 Sveinung Rykkje 1.plass, D40 Linda Rykkje 2.plass, D12 Tonje Rykkje 2.plass, H70 Ingolf Dybvik 5.plass

NM ultralang Varegg/Samnanger IL: H21 Bjarthe Westerheim 23.plass, Kenneth Westerheim 33.plass

Vestlandsmesterkap/Haugesund: H21 Bjarthe Westerheim 1.plass, H40 Kenneth Westerheim 5.plass, Jarle Haugland 9.plass, Even Rolfsnes 15.plass, D40 Linda Rykkje 2.plass, D70 Edel Slettemark 1.plass

Stafett: H17 Stord-O 2.plass

Norsk O-festivalen/Freidig:

Lang: D70 Edel Slettemark 4. av 17, D40 Linda Rykkje 8.av 23, H45 Kenneth Westerheim 8 av 73, Sveinung Rykkje 44. av 73, H75 Ingolf Dybvik 14 av 25., D12 Tonje Rykkje 41 av 43.

Mellom: D70 Edel Slettemark 8. av 16, D40 Linda Rykkje 14 av 26, H45 Kenneth Westerheim 12 av 81,

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



Årsmelding 2017 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Sveinung Rykkje 75. av 81, H75 Ingolf Dybvik 17 av 28., D12 Tonje Rykkje 31 av 45., Jørgen Westerheim 53. av 67.

Veteranmesterskapet Rauland:

Sprint: D70 Edel Slettemark 3. av 24

Mellom: D70 Edel Slettemark 4. av 24, D65 Gerda Øen 11. av 27.



Pallen på Kristtornspretten.

Styret



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2017



ÅRSMELDING

STORD SYMJEKLUBB - 2017

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2017

Innholdsfortegnelse

Styret	3
Rapport frå styreleder:	4
Stemner i 2017	5
Sportslege resultat	6
Trenarar i klubben	9
Stord Swim Cup	10
Sosiale arrangement	11
Treningsleirane	12
Felles treningsleir med Randaberg Hjørring 24.02.-05.03.-2017	12
Oppstartsleir Strandebarm. 25-27/08-2017.	12
Treningsleir Callella hausten 07-14/10-2017.	12
Rekruttering	13
Tidtakaranlegget/utstyr	14



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2017

Styret

Styret 2017 har bestått av;

- Ralf Teetzmann - Leiar
- Terese Blom Emanuelsson - Nestleiar
- Iren Valvik - Kasserer
- Jostein Weiby - Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
- Leif Magne Malme - Styremedlem og oppmann
- Kjetil Bjelland Johannessen - Styremedlem
- Ronny Onarheim - Styremedlem med ansvar for det tekniske
- Rebecca Hildebrandt-Paulin - ansvar for symjeskulen
- Anna Kjøpstad Rimmereide - Utøvarrepresentant i styret
- Gro Østrem og Åge Solheim - Varamedlem til styret

Styret har frå sist årsmøte avholdt 6 styremøter.

SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2017

Rapport frå styreleder:

- Symjeklubben har etablert strukturer og ting fungere bra.
- Medlemsregister er eit verktøy for oversikt og kontroll over klubben medlemer, inklusiv utsendinga av faktura, medlemskontingent og treningsavgift.
- Facebook gruppa (lukka gruppe) er hovudveg til formidling av informasjon på ei rask og god måte.
- Facebooksida – open blir opprett på hausten til allmenn informasjon
- Handboka vart oppdatert og blir levert ut til alle nye medlemmer
- Heimesida blir brukt ved viktig informasjon og nyhendingar
- Anti doping Rent idrettslag vart vi medlem av oktober 2017

Me har hatt ei flott sportsleg utvikling i 2017, og det er god sportsleg bredde i klubben med nokre topp utøver. Det er veldig bra oppmøte på treningane og stemnene. Dette har bydd på utfordringar, men gjennom ei auke av eigenandel til deltaking av stemner og restriksjonar på deltaking på de kostbare stemnene, har me kontroll på økonomien.

I 2017 har me hatt inntekter på 1.168.600 kroner og utgifter på nesten likt nivå. Det totale rekneskapet viser eit underskot på 5.654 kroner, noko som er veldig gledeleg med omsyn på at klubben då framleis har eigenkapital på 580.000 kroner.

Resultat må og sjåast i lys av dei utfordringane klubben hadde med redusert inntekter etter bortfall av symjeaksjon (60.000kr) og meirutgifter til stemner (fleire deltagar enn året før, også på NM / UM) Stor innsats av føresette hjalp til å redusere utgiftene.

Klubben har på noverande tidspunkt veldig mange utøvarar som er villige og ivrige på treningane, og som har ført til at satingsparti, aspirantparti og mellomparti er fylt godt opp.

På minsteparti nivå er det dessverre på nåverande tidspunkt nokre utfordringar med å få nok nye symjarar. Den forventande rekruttering for klubben gjennom symjeskulen har ikkje hatt ynskja effekt som forventa. Det nye styret må vurdere tiltak til å auka rekruttering av de minste og samstundes auka antall trener instruktørar/ trener slik at symjeskulen kan auka tilbodet.

Trenersituasjon har vert noko krevjande ettersom klubben ikkje har ein hovudansvarleg trener. Valgt løysning for satsting er at Jan Kåre Fjeldstad har ansvar for hovudstruktur for treninga. Geir Inge Rimmereide og Jim Steinsland har nokre av treningane.

På mellomparti etter sommeren (Cornelia Bloch sluttet) har Ronny Onarheim og Christel Hollund overtatt ansvaret.

Godt oppmøte på treningane og stemner ført til flott framgang og viser at konseptet fungerer bra.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2017

Stemner i 2017

Approberte stemner

Dato	Stemne
07.01-08.01	Haugaland Kraft Open
21.01-22.01	(LÅMØ Kvalik)
27.01-29.01	Skagerak Swim
10.02-12.02	LÅMØ Vest Førde
18.02-19.02	All Maritim vintercup
25.02-05.03	Treningsleir Hjørring
11.03-12.03	HA-Open
16.03-19.03	Senior NM kortbane Bergen
01.04-02.04	Chilli Cup
05.05-07.05	Bergen Swim Festival
09.06-11.06	Stavanger Open
16.06-19.06	AdO Cup
25.08-27.08	Oppstartsleir Strandebar
16.09-17.09	Araber Swim 2016
30.09-01.10	Søtt og Salt Cup
07.10-14.10 - Haustferie Treningsleir	
21.10-22.10	Stord Swim Cup
03.11-05.11	Nordsjøstevnet
11.11-12.11	KSSK Open Klepp
16.11-19.11	UM / NM junior Kristiansand
02.12-03.12	Nordialog Cup

Uapproberte stemner

11. /12.03.2017 Rekruttstevne under HA open

24.09.2017 Rekruttstevne Karmøyhallen

Internstemner

23.04.2017	Internstevne Kulturhuset
24.06.2017	Sommaravslutning Kulturhuset
15.10.2017	Internstevne Kulturhuset
16.12.2017	Basarstevne Kulturhuset

Veldig god deltaking frå dei minste partia i symjegruppa.

ÅRSMELDING 2017

Sportslegeresultat

20 på topp - beste poengsum i 2017-sesongen:

Rank	Navn	Født	Distanse	Tid	Poeng	Dato	Sted	B.	D
1	Nora Visnes	2003	50m bryst	<u>34,96</u>	599	17.06.2017	Bergen	50	
2	Maren Thoresen Malme	1998	100m bryst	<u>1.14,86</u>	578	19.03.2017	Bergen	25	
3	Anna Kjøpstad Rimmereide	2000	200m bryst	<u>2.47,23</u>	521	07.01.2017	Karmøy	25	
4	Simon Teetzmann	2002	50m fri	<u>25,28</u>	514	05.11.2017	Kristiansand	25	X
5	Elisabeth Westerheim	2000	50m fly	<u>30,47</u>	512	01.04.2017	Slåtthaughallen	25	
6	Lena Bloch	2001	200m rygg	<u>2.30,69</u>	495	08.01.2017	Karmøy	25	
7	Sondre Fjeldstad	2002	50m fly	<u>28,61</u>	481	06.05.2017	Bergen	50	
8	Odin Hildebrandt-Paulin	2003	50m fri	<u>25,89</u>	479	03.12.2017	Slåtthaughallen	25	
9	Frida Storetvedt Husebø	2002	200m bryst	<u>2.54,07</u>	462	21.10.2017	Stord	25	
10	Lovise Kjøpstad Rimmereide	2004	200m fri	<u>2.24,75</u>	448	22.10.2017	Stord	25	
11	Vebjørn Fjeldstad	2002	100m fri	<u>1.01,73</u>	438	05.05.2017	Bergen	50	
12	Iver Thoresen Malme	2001	100m fri	<u>1.02,25</u>	427	05.05.2017	Bergen	50	
13	Elin Moe Ese	2000	100m fri	<u>1.08,84</u>	404	08.01.2017	Karmøy	25	
14	Hedda Aas Løken	2004	50m fri	<u>31,49</u>	401	21.10.2017	Stord	25	
15	Malin Steinsland	2001	100m fri	<u>1.09,83</u>	387	11.11.2017	Klepp	25	
16	Tobias Stenersen	2003	100m fri	<u>1.02,80</u>	366	17.09.2017	Haugesund	25	
17	Tiril Storetvedt Husebø	2004	50m fri	<u>32,73</u>	357	02.12.2017	Slåtthaughallen	25	
18	Lars Isdahl Føyen	2004	50m fri	<u>28,60</u>	355	03.12.2017	Slåtthaughallen	25	
19	Emma Nilsen Onarheim	2003	50m fri	<u>33,28</u>	340	12.03.2017	Haugesund	25	
20	Elias Nordfonna	2004	200m fri	<u>2.23,31</u>	333	02.12.2017	Slåtthaughallen	25	

Skagerak Swim: Simon Teetzmann vart nr. 2 i finalen på 50m rygg med tida 30.98 og nr. 3 i finalen på 50m fri med tida 26.71. Nora Visnes vart nr. 4 i finalen på 50m bryst med tida 36.77. Sondre Fjeldstad vart nr. 4 i finalen på 50m fly med tida 28.92. Maren Thoresen Malme vart nr.10 i finalen på 50m bryst med tida 36.53.

Maren Thoresen Malme vart nr. 27 på 200m bryst under Sr. NM med tida 2.43.79, nr. 23 på 100m bryst med tida 1.14.86.

Til avslutning sesongen før sommaren deltok symjarar frå mellomparti og satsing på AdO cup i Bergen og til saman 15 finaler viser stor bredde. Best av alle var Nora Visnes med 1.plass på 50m bryst eldre junior med tida 34.96.

Stord deltok med 6 symjarar under Nordsjøstevnet 2017 (strengare krav til deltagelse, dvs. 2 kvalifiseringskrav oppnådd): Sondre Fjeldstad, Odin Hildebrandt-Paulin, Anna Rimmereide, Tobias Stenersen, Simon Teetzmann og Nora Visnes. Her gjorde Nora Visnes det best med 2. plass på 50m bryst med tida 34,27, som då var nest bestetida i Noreg i hennes årsklasse. Hun fekk og 2. plass på 100m bryst med tida 1.14.89 (2. beste tida i hans årsklasse i Noreg) og 4.plass på 200m bryst med tida 2.45.52 (8. beste tida i hans årsklasse i Noreg). Alle tider gav kvalifisering til UM og på 50 og 100m krav til junior /senior NM. Simon Teetzmann klarte også UM krav på 50m fri med tida 25.28 (4. beste tida i hans årsklasse i Noreg).



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2017

16.-19.11. stilte 2 utøver for første gang på UM i Kristiansand. Nervane var tydelig på plass, men de presenterte bra- Nora Visnes stilte på 200 m bryst med tida 2.50.63 (25.plass), 100m bryst 1.15.43 (12.plass) og 50m bryst med tida 34.33 ga en 7.plass. Simon Teetzmann svømte 50m fri på 26.38 (16. plass) etter en mislykka vending.

Før jul var det igjen felles stemne for mellomparti og satsing i Bergen – Norddialog Cup. Veldig mange gode resultat i konkurranse med de beste klubbene i Bergen skaffa oppmerksomhet . Odin Hildebrandt-Paulin gjorde et veldigbra løp på 50m fri med tida 25.89 (3. beste tida i hans årsklasse i Noreg).

Samanhalde av gruppa førte til god innsats og veldig mange flotte resultat for de aller fleste, og det er mange flinke yngre svømmere som har hatt stort framgang i løpet av året.

Resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2017

Me har også delt ut milepælspremier til symjarar som har oppnådd tider etter kriterier gjennom sesongen 2017

Krav jenter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.25.00
100m fri	1.30.00	1.15.00	1.05.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.15.00
50m butterfly	46.00	38.00	33.00

Krav gutter:

Øving	Bronse	Sølv	Gull
100m bryst	1.52.50	1.40.00	1.20.00
100m fri	1.30.00	1.12.00	1.00.00
100m rygg	1.40.00	1.25.00	1.12.00
50m butterfly	46.00	38.00	30.00



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2017

Trenarar i klubben

Trenarar:

Måndag:

Mellom: Ronny Onarheim + Andrea H. Aadland
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad

Tysdag:

Minste 1: Christel Hollund / Britt Nelly Barane + Gro Østrem / Marianne Kolstø
Satsing: Jim Steinsland

Onsdag:

Mellom: Conny Bloch / Janis Treubluts + Andrea H. Aadland
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad

Torsdag:

Minste 2: Øyvind Løken
Minste 3: Johanne Thoresen Malme / Rebecca Hildebrandt-Paulin
Satsing: Geir Inge Rimmereide / Jim Steinsland

Fredag:

Mellom: Conny Bloch / Christel Hollund + Mathilde Cruickshanks Wilhelmsen
Satsing: Geir Inge Rimmereide

Laurdag:

Elite: Eigentrening

Søndag

Satsing: Conny Bloch / Geir Inge Rimmereide

Symjeklubb har gjennomført i 2017 en begynner instruktørkurs på Stord og har sendt en del instruktørar / trener til vidaregåande instruktørkurs på Austevoll.

Jan Kåre Fjeldstad har tatt trener 1 kurs i Stavanger.

ÅRSMELDING 2017

Stord Swim Cup

21.-22.10.2017 arrangerte vi vårt eget stemne som har blitt ett av de største stemne på vestlandet. 460 deltager betydd nesten rekord, men mange gode tilbakemeldinger fra deltagende klubb viser at vårt konsept er godt likt



ÅRSMELDING 2017

Sosiale arrangement

- Stord Symjeklubb har gjennomført fire internstemne i året 2017.
- Sommaravslutning med sosialt samvære på idrettsstova.
- Julestemne med basar på Hystad skule og utdeling av milepælspremier.
- Sosial komité har hatt med mellompartiet.
- Satsingsgruppa hadde inspirasjonsforedrag med Kjell Storelid.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2017

Treningsleirane

FELLES TRENINGSLER MED RANDABERG HJØRRING 24.02.-05.03.-2017

- Me reiste saman med 10 symjarar og 2 trenar / leiar til Danmark
- Me budde på vandreheim attmed hallen
- Flott 50 meter basseng ga muligheit til mange meter trening
- Nokre forkjølleser og sjukdom førte dessverre til ein del mindre trening for enkelte

OPPSTARTSLEIR STRANDEBARM. 25-27/08-2017.

- Me var i stållassenget i Strandebarm idrettspark.
- Budde på Strandebarm Sportell rett attmed, med god mat og romsleg innkvartering. Her var det også tilgang til gymsal, som vart brukt til alternativ trening.
- 40 symjarar og 10 trenarar / leiarar. Deltakarar frå mellomparti og satsing.
- Alle fekk trena hardt og hadde stort utbytte av helga.



TRENINGSLER CALLELLA HAUSTEN 07- 14/10-2017.

- 25 symjarar og 3 leiarar/trenarar og 8 «turistar» reiste til Spania på treningsler .
- Bustad var Hotell med fullpensjon.
- 2 x 2 timar treningar kvar dag i eit topp 50m utandørs basseng.
- Det var stor innsats av alle med fokus på mengdetrening, med hovudtrenar Halvor Landmark.
- Det var også litt tid til strandliv, shopping og sightseeing.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

ÅRSMELDING 2017

Rekruttering

Symjeklubben har arrangert symjeskule. Dei som har delteke her og ynskjer å gå vidare til minsteparti vert prioritert framføre andre born som står på venteliste. Vi har gjennomført kurs på våren og hausten med 4 grupper, totalt kursplasser var cirka 80 i 2017.

Generelt bør me rekruttera fleire born til symjetreninga. Me har i løpet av året utvikla symjarar som bør få tilbod på eit aspirantparti. Klubben bør rekruttera fleire trenrarar, slik at alle symjarane på dei ulike nivåa får eit godt tilbod.



SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



ÅRSMELDING 2017

Tidtakaranlegg/utstyr

Tidtakaranlegget fungerer fint og har blitt nytta ved internstemner og ved Stord Swim cup.

I tillegg har me kjøpt inn speil (4 stk botnspeil) til teknikktraining og ein elektronisk startklokke.

Ansvarleg for tidtakaranlegget er Ronny Onarheim.



Stord Symjeklubb
Årsmelding





SIL ÅRSRAPPORT 2017

SAK 6.2.4 - ÅRSMELDING STORD HANDBALL ELITE



Stord HK



Stord Handball Elite

Organisasjonsnummer 996 974 340

Styrets beretning 2017

1. Virksomheten

Stord HK har som formål å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, ved samarbeid og kameratskap å fremme håndball, på alle nivå, og skape et godt miljø for alle medlemmer. Klubben er selveiende og i allianse med Stord Idrettslag, med utelukkende personlige medlemmer. Stord HK spiller hjemmekampene i Vikahaugane Stord Sportssenter, hvor klubbens kontorlokaler også er lokalisert.

All omsetning knyttet til håndballproduktet som eksempelvis salg av kampbilletter, markedsavtaler og alle øvrige kamprelaterte produkter selges i klubbens regi.

I sesongen 2017 ble Stord HK innlemmet i Stord IL, handballgruppen som en del av idrettslagets overordnede strategi. Dette med bakgrunn i at klubben nå befinner seg i 2. divisjon og derav redusert økonomisk risiko.

Klubben mener at de tiltak som ble gjort i 2016, var instrumentelle for konsensus internt i Hovedlaget og tilbakeføringen av Stord HK. Styret setter således pris på tiltroen til arbeidet som er gjort, og gleder seg til å følge videre utvikling av håndballen på Sommerøy

2. Sportslig utvikling

